

## Nynorskbyen

Kan Bergen få status som nynorsk hovudstad?

s. 11

## Ser vestover

Skjåk kommune ser no vestover for å finne gode  
samarbeidspartnarar i næringsutviklinga.

s. 18 - 21

## Wordfeud på nynorsk

Eid Målungdom og Eid kommune utfordrar no LNK for å få  
Wordfeud på nynorsk.

s. 10

## Hovlandsk



Foto: Hanna Maria  
Van Zijp Nilsen

Å skrive noko hovlandsk  
er blitt ein eigen sjanger.  
No rundar nynorskikonet  
Ragnar Hovland 60 år.

• Sjå s.12 - 13

## Svar på nettet



Foto: Toyni Tobekk

Du finn svaret på mange  
spørsmål i nynorske nett-  
leksikon. Me viser deg  
nokre av dei største på  
marknaden.

• Sjå s. 6 - 7



Foto: Øyvind Birkeland

# Må utnytte festivalane betre

Distriktsenteret meiner kommunane bør bli flinkare til å utnytte marknads-  
føringseffekten som festivalane i kommunane gjev. På Voss har dei fleire  
festivalar, deriblant Ekstremsportveko.

– Eg vil seie at Ekstremsportveko marknadsfører kommunen så det held,  
ikkje minst via dei daglege NRK-sendingane frå festivalen.

Det er også eit stiftingsvedtak at ein skal bruke Veko til å marknadsføre ek-  
stremsportplassen Voss og til å formidle at ein bør flytte til Voss dersom ein  
ynskjer ei aktiv fritid, seier dagleg leiar i Ekstremsportveko, Margrethe Alm.

Side 8 og 9



Rosenkrantz' gate 8  
N- 0159 Oslo  
+ 47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.no

BEST WESTERN HOTELL  
**BONDEHEIMEN**  
*Sidan 1913*



- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden



Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

LEIAR

## Samarbeid kan gi gevinst

Du er ikkje åleine om å tenkje på Voss når du høyrer om luftige svev, bratte fjellsider og friluftsglade menneske som likar å ha hjartet i halsen. Kommunen har klart det mange andre slit med; han har klart å bli så godt som synonym med ein festival, nemleg Ekstremsportveko.

**Veko, som festivalen** blir kalla på folkemunne, har sett kommunen på kartet og gjeve han ein marknadsførings-effekt med ein svimlande verdi. Med om lag 10 000 besøkjande, 1200 utovarar og 400 frivillige i sving er Veko eit arrangement som blir lagt merke til – langt utover landegrensene.

**Det er Distriktssenteret** som peikar på at kommunane burde utnytte marknadsførings-effekten som festivalane i kommunane gjev, betre. Det har dei rett i. Festivaldagane er eit fantastisk butikkvindauga for å freiste nye turistar, innbyggjarar og arbeidssøklarar. Klarer ein å vise fram kommunen sine kvalitetar til dei 10 000 besøkjande på Voss under Veko, er sjansen stor for at ein får noko attende, i alle fall ei mengd med gode Voss-ambassadørar der ute.

**Men det krev** ein kommuneadministrasjon som klarer å tenkje nye og spreke tankar. Og ikkje minst at kommunen stiller opp når festivalen treng hjelp og støtte. Klarer kommunen å hjelpe til med vegsperringar, regulere festivalområde og liknande praktiske oppgåver, kan fort gevinsten bli stor. Samstundes må festivalen ta ansvar for å marknadsføre kommunen og heimplassen. Ekstremsportveko har gått så langt som at dei har eit stiftingsvedtak på at dei skal marknadsføre kommunen som ein attraktiv plass å leve og bu.

**Rauma kommune** og Norsk Fjellfestival har like godt funne fram til det same slagordet; «verdas beste kommune for naturglade menneske». Det sender eit tydeleg signal ut at dei står i lag om eit samla verdigrunnlag. Kanskje nokon blir freista av det?

# Nynorsk som hjernetrim



**Øystein A. Vangsnes**  
CASTL / Flere språk til flere  
Universitetet i Tromsø

KRONIKK

fordelar med tospråkleg oppvekst:

Den internasjonale tospråksforskninga har avdekt ei rekkje utviklingsmessige fordelar ved det å veksa opp med to språk frå tidleg alder. Her er nokre viktige funn.

1) Tospråklege born utviklar tidlegare metaspråkleg kompetanse enn einspråklege og er betre i stand til å læra seg andre språk seinare. Tospråklege born kan mellom anna tidlegare skilja mellom form og innhald i einskildord og setningar.

2) Tospråklege born utviklar evne til mentalisering (theory of mind) i snitt eitt år tidlegare enn einspråklege. Dette er evna til å forstå at andre menneske sit på annan kunnskap enn ein sjølv.

3) Tospråklege born utviklar såkalla utøvande kontroll (executive control) tidlegare og betre enn einspråklege. Dette er evna til å planleggja, setja i gang og avslutta handlingar og til å styra merksemd, og ho spelar ei særskild viktig rolle for mellom anna akademisk læring.

### Språklæring er kognitiv trening

Flere av desse fordelane viser seg tidleg, allereie i førskulealder, men det er også haldepunkt for å seia at tidleg andrespråklæring gir nokre av dei same fortrinna. Vidare aukar skriftspråkstrening effekten av tospråksfordelane.

Slike utviklingsmessige fortrinn spelar over på læring generelt, og statistiske undersøkingar frå land som t.d. Canada tyder på at tospråklege faktisk gjer det noko betre på skulen enn einspråklege.

### Overføringsverdien til den norske språkløyvde situasjonen

Det er ikkje openbert at desse innsiktene om tospråksfordelar har nokon overføringsverdi til den norske tospråksituasjonen. Trass alt kan ein hevda at bokmål og nynorsk er å rekna som to skriftspråksvariantar av det same språket, ikkje to skilde språk.

Men det har ikkje vore gjort noko for å finna ut av eventuelle overføringsverdiar. Og det er faktisk ein del haldepunkt for å tru at slike finst. Vi veit mellom anna at så nærskylde språk som katalansk og kastiljansk-spansk gir nett dei same gunstige utviklingsfordelane som andre språkpar der skilnadene er større. Det er vidare all grunn til å tru at språkstimulering på både nynorsk og bokmål bidreg til betre forståing av at språklege uttrykk kan ta ulike

form, altså at det bidreg til større metaspråkleg medvit. Internasjonale undersøkingar viser dessutan at personar som er vande med språkleg variasjon, jamt over er betre til å kjenna att skyldte ord (arveord, kognatar) frå andre språk enn dei som berre meistrar standardspråket i landet sitt.

### Paradokset Sogn og Fjordane

Men den potensielt sterkaste indikasjonen på at den norske tospråksituasjonen gir fordelar, knytter seg til noko dei færreste ville tru: Dei gode skuleresultatane i Sogn og Fjordane. Dette fylket ligg på toppen av resultatlista for nasjonale prøvar saman med Oslo og Akershus. Det oppsiktsvekkande med dette er at utdannings- og inntektsnivået i Sogn og Fjordane er lågt, og at fylket i liten grad er urbanisert. Utdannings- og inntektsnivå og urbanitet er kjent for å korrelere sterkt med skuleprestasjonar, og andre fylke med liknande demografisk struktur som Sogn og Fjordane kjem mykje dårlegare ut.

Det kan vera ei rekkje grunnar til at Sogn og Fjordane har så gode resultat. Men når det gjeld språksituasjonen, veit vi dette: Ikkje noko anna fylke har så høg nynorskprosent blant elevane i grunnskulen. Sogn og Fjordane hadde i 2011 97,3 %, Møre og Romsdal 52 % og Hordaland 39 %. Elevar med nynorsk som opplæringsmål blir massivt stimulerte på bokmål og sentralaustnorsk talemål gjennom storsamfunnet, og i praksis har difor nynorskelevar allereie ganske høg kompetanse i bokmål når dei møter det som sidemål på ungdomsskulen. Det motsette gjeld i svært liten grad for bokmålslevar.

Og sidan Sogn og Fjordane er det einaste så å seia reine nynorskfylket, er det ikkje utenkjeleg at dei gode skuleresultatane kan sporast til språksituasjonen: Viss det å bli stimulert på både nynorsk og bokmål frå tidleg alder gir nokre av dei same utviklingsmessige fordelane som udiskutabelt tospråklege har, er det å forventa at det vil slå ut på læring generelt.

*Tospråklege born utviklar tidlegare metaspråkleg kompetanse enn einspråklege og er betre i stand til å læra seg andre språk seinare.*

### Meir forskning er muleg – og viktig!

Desse forholda kan vi testa eksperimentelt. Dersom vi gjennom samanliknande undersøkingar kjem til at regionale skilnader i skuleresultat kan knytast til skilnader i kognitiv utvikling med grunnlag i ulike språkstimulering, bør den kunnskapen leggjast til grunn for utforming av ein språklæringspolitikk der eksponering for og trening i begge dei to språkformene våre blir sett på som ein viktig ressurs i skule og barnehage.

# Vil endre målform ved Sola skole



**BYTER SKULEMÅL:** Sola skole bar vore nynorsk skule i mange år, med klassar for baa målformer. No vil politikarane ba ei rådgjevande folkerøysting for dei i juni avgjer om skulen skal gå over til å bli ein bokmålsskule. (Foto: Eirik Hebnes)

## I juni skal dei folkevalde i rogalandskommunen Sola vurdere om nynorsk skulen Sola skole skal bli bokmålsskule.

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

Nett i det LNK-avisa går i trykken, skal det vere rådgjevande folkerøysting om målform ved Sola skole. Alle som bur i skulekrinsen, som har barn på skulen, eller som har barn som skal byrje der til hausten, kan røyste.

Folkerøystinga er komen opp som ei politisk avgjerd og vart vedteken av kommunestyret i Sola i desember i fjor. Sola skole er ein nynorsk skule med både nynorsk- og bokmålsskular. 27 prosent av elevane har nynorsk som hovudmål dette skuleåret. I saksutgreiinga blir det peikt på at skulen kan spare 1,27 årsverk ved å endre hovudmål, under føresetnad av at ein ikkje treng opprette ein eller fleire nynorsk klassar. Per i dag er talet på nynorskelevar på somme trinn så lågt at ein ikkje ville kunne opprette egne nynorsk grupper for desse. Opplæringslova seier at viss 10 eller fleire elevar på trinnet krev å få skriftleg opplæring i den andre målforma, har dei rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe. Sola skole er ein barneskule med 115 elevar frå 1. til 7. klasse.

### UTVATNING

Gunnar Kolnes er far til ein elev på Sola skole og har eit barn som skal ta til på skulen hausten 2013. Han legg ikkje skjul på at han synest det er dumt om skulen skulle gå frå å vere nynorsk skule til å bli bokmålsskule.

– Eg er redd innføring av bokmål som hovudmål ved skulen vil vere med på å

vatne ut dialekten vår og det lokale her i Sola, seier han til LNK-avisa. Han fortel at det ikkje har vore nokon diskusjon kring temaet på skulen som han kjenner til. Han peiker òg på at dette er ei folkerøysting som kommunen har teke initiativ til, det er ikkje foreldra som har bede om å få reist spørsmålet.

Kolnes er klar over at bokmålslevarne er i stort fleirtal på skulen i dag, men han meiner nynorskelevarne har eit stort fortrinn. Dei har eit sidemål som er enklare å lære seg enn bokmålslevarne har, meiner han.

### TRUR SLAGET ER TAPT

– Sola skole er den eldste skulen i kommunen og har vore ein nynorsk skule i mange år. For meg er det noko som skurrar viss det skal bli ein bokmålsskule, seier Kolnes.

Han er klar over at kommunen vil spare pengar på å gjere skulen til ein bokmålsskule, noko som også kjem fram av kommunale sakspapir.

– Eg håpar at politikarane kan sjå litt lenger enn lommeboka og også leggje vekt på andre moment. Til dømes det at Sola sin dialekt ligg mykje tettare opp mot nynorsk enn bokmål, og at det faktisk har ein verdi å halde på lokale særpreg, ein verdi som ikkje kan målast i pengar.

Som forelder ved skulen har Kolnes rett til å røyste den 14. mai. Det skal han også gjere.

– Eg fryktar at det er ei tapt sak. Men sjølv sagt skal eg gå og røyste.

### VIL SNU TRENDEN

Hjå Sola mållag driv dei no og mobiliserer i forkant av folkerøystinga i mai og kommunestyremøtet som skal fatte vedtaket i juni.

–Vi gjer det vi kan for å få snudd denne saka, seier leiari Tom Soma. – Vi skriv lesarbrev i avisa, og vi har laga ein brosjyre vi skal dele ut i heile krinsen. Sjølv er han

ikkje mellom dei røysteføre; han verken bur i krinsen eller har ungar på skulen. Han har likevel ei klar mening om saka, og han reagerer særskild på at det er kommunen som har kravd folkerøystinga, ikkje foreldra.

–Vi i Solla mållag prøver no å informere og snakke med folk.

Viss kommunen får det som dei vil, så blir det ingen vinnarar, berre taparar.

Per i dag er det flest bokmålslevar på nynorsk skulen Sola skole, men alle elevane får opplæring i si målform, anten det er nynorsk eller bokmål.

Soma understrekar at soladialekten er eit munnleg språk som ligg tett opp til nynorsk. Før skifta gjerne folk talemål når dei flytta, men det gjer dei ikkje lenger. No held dei på identiteten sin, seier han.

–Vi trur det er lettare for ungar å bruke det nynorske skriftspråket når dei kjenner det att frå talemålet sitt. Og kulturelt sett meiner vi nynorsken er høgst levande, seier Tom Soma.

### KAN PÅVERKE POLITIKARANE

Sola si folkerøysting skal altså finne staden i mai, men sjølve avgjerda om saka blir teken av kommunestyret i juni. Folkerøystinga i mai er rådgjevande, ikkje bindande, og formålet er å gje politikarane ein peikepinn på kva innbyggjarane meiner.

Det blir halde fleire folkerøystingar her til lands kvart år. Det kan handle om territorium eller alkohol, men tradisjonelt har det vore flest knytte til val av skulemålform. I 2011 vart det halde to rådgjevande folkerøystingar om målform. I Nord-Fron i Gudbrandsdalen var 245 av 431 med røysterett til stades då det skulle røystast over målform ved Skåbu skule i august i fjor, og det gav 95 røyster til bokmål og 150 til nynorsk. Kommunestyret i Nord-Fron tok folkerøystinga til følge og valde å behalde nynorsk som skulemål ved Skåbu skule.

### FOR DÅRLEG OPPSLUTNAD

I Halså kommune var det ei tilsvarande folkerøysting i september. Då skulle tre skular slåast saman til ein, og kommunen foreslo å gjere dette til ein bokmålsskule. Her stemde 587 for bokmål, 180 for nynorsk, og 8 stemde blankt. Kommunestyret i Halså vedtok i oktober at målforma på den nye skulen, Liabø, skulle vere bokmål.

Så langt i år har det vore ei folkerøysting om skulemålform, denne gongen ved nynorsk skulen Otta skule i Sel kommune i Gudbrandsdalen. Her stemde 103 for bokmål og 76 for nynorsk. 6 prosent av dei som kunne røyste, møtte fram og røysta. Kommunestyret i Sel behandla saka i slutten av april og bestemte då at Otta skule skal gå over til å ha bokmål som målform frå skuleåret 2012/2013. Samstundes varslar dei tilsvarande folkerøystingar ved krinsane Heidal og Sel i løpet av året.

Prøv

DAG  
OG  
TID

– den nynorske  
vekevisa for  
kultur og politikk  
– gratis!

Send SMS DT3V til  
2007, så sender vi  
deg tre prøve-  
nummer utan at  
du forpliktar deg  
til noko som helst.



Tips oss –  
om ein typisk

DAG  
OG  
TID -lesar  
som ikkje les  
Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik:  
TYPISK følgd av namn  
og adresse til personen.  
(Døme: TYPISK Jonas  
Gard Større, Riksvegen  
10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar  
om, får tre nummer av  
Dag og Tid, heilt utan  
plikter. Du får eit Flax-  
lodd som takk for hjelpa.



Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:  
Judith Sarhus Lillehammer  
judith@norsk-plan.no

Redaksjon:  
Toyni Tobekk  
Magnar Riveland  
Svein Olav B. Langåker

Faste spaltisar:  
Jan Olav Frelund  
Vidar Haviskeland  
Terje Lyngstad

Korrekturlesar:  
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80  
Telefax 52 79 04 81  
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Montering:  
Norsk Plan as

Astrid Eidhammer Hjeltnesland

Trykk:  
Sunnhordland  
Oppplag omlag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år  
og kan ingast hja  
LNK, ift. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, ift. 52 79 04 80,  
eller bladstova@lnk.no  
Pris kr 150 per år.

Neste utgjeving:  
6. september

Annonseprisar:  
1/1 side kr 20 000,-  
(253x360 mm)  
1/2 side kr 11 600,-  
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 7 400,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
21 kroner per millimeter.  
Prisane gjeld ferdig materiell.

Annonser blir å levera  
som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

## SITATET:

– Nynorskelevane må sikrast god tilgang på godt språk, særleg i lærebøkene. Det kan til dømes gjerast ved å opprette ei merkeordning for språkleg kvalitet i læremiddel. Slik kan solid språk i læremidla bli eit konkurransefortrinn i forlagsmarknaden.

Påtroppande leiar i Norsk Målungdom Vebjørn Sture til NPK.

## Ein nynorsk hovudstad

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

Dei siste vekene har debattbølgjene i fleire norske aviser gått høgt om Bergen eller Oslo skal vera nynorsk hovudstaden i Noreg. Ingen av kandidatane har, etter mi meining, til no fremja overtydande kandidatur.

Fleire debattantar har drege fram forskar ved NHH, Johannes Nymark, sitt gamle argument om at nynorsk manglar det den spanske målforma katalansk nyt godt av, nemleg byen Barcelona. I Spania står fleirtalsforma kastiljansk sterkt i Madrid og store delar av landet elles, medan katalansk er fleirtalsform i Barcelona og skapar legitimitet for målforma katalansk, både i byen og i resten av regionen.

Men sjølv om Bergen er ein sjarmerande by, blir han liksom ikkje heilt det same som Barcelona – noko kulturhistoria vår og debatten dei siste vekene tydeleg har synt oss.

Nokre parallellar finst likevel: I Spania sette general Franco fyr på katalanske bøker i stor stil. Han tok også konsekvensen av kultursynet sitt og la like godt ned forbod mot bruk av katalansk.

Ingen norske politikarar har, til no, gått så langt. Men i Noreg har fleire framstående politikarar i hovudstaden Oslo og i wannabehovudstaden for nynorsk, Bergen, ei nær fortid som forsvararar av bokbål – så lenge bøkene er på nynorsk.

Bakgrunnen for den aktuelle hovudstadsdebatten er eit spennande innspel frå Kultur Vest, Hordaland Teater og Nynorsk kultursentrum om at det nynorske Hordaland Teater bør flyttast frå lite tidsmessige og til dels upraktiske lokale på Stend i Fana til Bergen sentrum, og at mandatet til teatret bør utvidast frå å vera eit barne- og ungdomsteater til å vera eit moderne kvalitetsteater for eit breitt publikum. Eit teater som spelar på nynorsk – i den norske regionen der nynorsk står sterkast.

Ideen er god, men vart grundig parkert på eit sidespor då ein tidlegare teatersjef fekk stå fram over tre heilsider i Bergens Tidende med alvorlege og bitre skuldingar om kvalitetssvikt ved teatret og om at alt ville ha vore så mykje betre dersom han framleis hadde fått vera sjef. Utspelet skapte, forståeleg nok, mykje uro, og over natta var ein gryande, spennande kulturdebatt redusert til ein uvesentleg persondebatt. Om ikkje Bergen er for liten til å vera kulturhovudstad, er i alle høve nokre av kulturfolka der for små.

*Men sjølv om Bergen er ein sjarmerande by, blir han liksom ikkje heilt det same som Barcelona – noko kulturhistoria vår og debatten dei siste vekene tydeleg har synt oss.*

Ja, me ønskjer oss sterke nynorskinstitusjonar i alle regionar der nynorsk står sterkt. Men så lenge me vil at nynorsk skal vera eit likestilt språk i heile Noreg, og så lenge Oslo er hovudstad for heile landet, bør Oslo også vera nynorsk hovudstaden. Og så bør det bli alle gode nynorskvenner si oppgåve å kjempa for at kommunen klarar å ta på seg ei slik oppgåve.

## YTRING:

### Krav til målform: Nynorsk

Ein treng ikkje gå mange tiår bakover for å finna døme på at det var stove-reint når kjende kulturpersonar uttalte at dei hata nynorsk, eller at dei hadde fritt spelarom til å mobba og hundsa folk som tala sitt naturlege talemål.

Lov om målbruk i statstena kom i 1980, og tilsynet med lova blei lagt til Kulturdepartementet. Frå 1985 fekk Språkrådet ansvaret for statsorgan med heile landet som arbeidsområde, medan Kulturdepartementet framleis har ansvaret for departementa. Men: Alle lokale og regionale statsetatar, som er dei organa som har mest å gjera med folk flest, dei er utanfor tilsynsordningane. Språkrådet har skrivne at dei ikkje har tid til å føra tilsyn med alle desse kontora, men behandlar klager som kjem frå private.

Sender eg (og 2-3 andre) klager, kan våre namn bli kjende over det ganske land, men namnet eller namna på den/dei som er lovbrutarar, det kjem aldri fram! Kulturdepartementet viser til at det er «organet» som må stillast til ansvar, noko som er feil etter mitt skjønn! Ansvar kan ikkje delegerast, det er eit ansvar for leiaren!

Eg må tilstå at tiltrua til Kulturdepartementet som tilsynsansvarleg var tyntsliten og blei til eit stort hol i 2006. Då hadde Noregs Mållag teke opp ei sak der eit embetskontor frå 1981 ikkje hadde fylgd reglane i mållova. Embetskontoret søkte om å bli fritekte mellom anna med grunnleggjande «kontoret» i all tid hadde brukt bokmål! Departementet godtok ikkje dette i svarbrev til embetet i slutten av 2004. Men frå då av og i heile 2005 hadde embetskontoret fleire innlegg i lokalaviser, intervju, innslag i lokalradio og i tenestesamheng som klart viste at dei aktivt motarbeidde norsk lov. Noregs Mållag sende fylgd dokumentasjon på dette, men departementet avviste alt ved å uttala: «Departementet finn ikkje grunn for å kommentera gamle avisutklipp». Etter snau eitt år og to mnd. var dei blitt gamle!

I brev frå dept. 12.08.2009 blir det opplyst at embetskontoret som regel skriv på bokmål til vedkomande departement, og at dette departementet «som oftast skriv til embetskontoret på bokmål». Kort sagt lovbrøt både frå embetskontoret og frå departementet som Kulturdepartementet har tilsynsansvaret for.

Skal kommunar og private få brev og skjema på rett målform, er det fäfenget å stola på andre enn oss sjølve. For å hjelpa statstilsette så dei ikkje av vantage blir lovbrutarar, kjem eg frå nå av til å skriva etter adressa: Krav om målform: NYNORSK. Dersom kommunane og er opptekne av å hjelpa statstilsette som på grunn av ein «glipp» blir lovbrutarar, ville det vera til stor hjelp om kommunane hadde same innleiing til alt skriftleg til statsorgan: Krav til målform: NYNORSK.

Kåre Seland

# Ventar på svar frå kunnskapsministeren



Noregs Mållag ber no Kristin Halvorsen rydda opp i registreringa av nynorskelevar.

JUDITH SØRHSU LITHEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Informasjon frå Hordaland fylkeskommune tyder på eit registreringssystem ved skulane der alle elevar automatisk vert registrerte som bokmålslevar, med mindre dei aktivt endrar dette sjølve. Systemet i dag fører til dømes til at fylkeskommunen har registrert 10 % nynorskelevar frå Stord kommune, medan Stord vidaregåande skule melder at 90 % av avgangselevane har nynorsk som hovudmål. Noregs Mållag ber no ministeren rydda opp i det dei meiner er ein systemfeil i registreringa av nynorskelevane.

– At nynorskelevane blir registrerte med rett målform, er ei grunnleggjande forsikring om at dei blir behandla som nynorskbrukarar i skulen. Vi forventar at kunnskapsministeren ryddar opp. For kunnskapsministeren bør det vera viktigare å sikra rettane til nynorskelevane enn å gjera det lett for statistikarane, seier leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård.

Kunnskapsministeren har framleis ikkje svart Noregs Mållag på utfordringa. Det lukkast dessverre ikkje redaksjonen å kome i kontakt med departementet.

(Foto: Stig Weston/SV)

## Tettare samarbeid på Agder

**IKT-samarbeidet Det digitale vestre Agder (DDV) omfattar heile 11 kommunar i regionane Lister og Lindesnes. Rådmennene vart nyleg samde om å arbeide vidare med planar om eit endå tettare samarbeid i ei framtidig eKommune-løysing.**

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no



**SAMARBEIDER:** Rådmennene i 11 kommunar i regionane Lister og Lindesnes i Vest-Agder vart nyleg samde om å forenkle kvardagen til innbyggjarane gjennom ei felles satsing på eKommune. (Foto: Dagfinn Lauvsland)

Samarbeidet i DDV har vart i 10 år. I starten var det utbygging av breiband og digital infrastruktur som var det viktigaste. Seinare vart samarbeidet utvida til også å gjelde felles innkjøp og drift av dei viktigaste administrative løysingane, som til dømes saksarkiv. No er det felles eKommune-satsing som er neste mål. Kvardagen skal gjerast meir digital, og forvaltninga skal forenklast.

– Dei første fasane har handla om å kartleggje kva som finst av IKT-system og etablerte samarbeid i kommunane frå før, og å stake ut kursen mot eit tettare og meir forpliktande samarbeid, opplyser prosjektleiar Dagfinn Lauvsland.

Han leier eit 10 månader langt prosjekt som skal setje rammene for eKommune-satsing.

### MYKJE Å HENTE

Det finst rundt 40 interkommunale IKT-samarbeid i Noreg. Det vanlege er at 5-6 kommunar går saman. Det er uvanleg at så mange som 11 kommunar er med i eit samarbeid. Dei 11 kommunane er også ulike, frå småkommunar med under 1000 innbyggjarar til bykommunar med over 15 000. Dagfinn Lauvsland meiner det er mykje å hente på ei betre samordning innan IKT.

– Kartlegginga vår har vist at mange oppgåver blir løyste på sin måte, lokalt

basert på velvilje frå dei som til ei kvar tid styrer kvar kommune.

### VIL HA FELLESEINING

Styringsgruppa for DDV hadde nyleg eit møte der dei valde modell for det vidare eKommune-samarbeidet. Dei fekk skissert fleire scenario – frå å avslutte samarbeidet til å intensivere det.

– Styringsgruppa, som består av rådmennene i kommunane i DDV, gjekk inn for å fortsetje samarbeidet. Dei ønskte også ei felles IKT-driftseining for DDV, men dei har ikkje konkludert når det gjeld praktiske ting som lokalisering og organisering. Dei ville sjå nærare på fleire modellar for korleis det kan løysast, seier Dagfinn Lauvsland.

Basisen for samarbeidet i DDV er målsetjinga om god offentleg sørvis og effektiv tenesteproduksjon. Det er også hovudmålsetjingane for utarbeidinga av felles eKommune-strategi. eKommune og andre former for digitale løysingar i forvaltninga er også eit nasjonalt satsingsområde. Regjeringa presenterte nyleg satsinga «På nett med innbyggjerne», der det mellom anna blir slått fast at kommunikasjon med det offentlege som hovudregel skal vere digital, at dei digitale tenestene skal vere brukarvenlege, at du skal få raskare svar, og at all post frå forvaltninga skal kome til den same digitale postkassen.



Landssamanslutninga  
av nynorskkommunar (LNK)

P.B 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:

Astrid Myran Aarvik, styreleiar

Laura Seltveit  
Rune Øygard  
Solfrid Borge  
Gunnar Strøm

Varamedlemmer:

Nils R. Sandal  
Olaug Grana  
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skapa positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerør for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

# Nynorsk kunnskap på nett

**Svaret på nesten alle spørsmål er å finne i digi-tale oppslagsverk, til og med på nynorsk. Eller?**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

«Eg er berre ein gneiste» stod det på Olav H. Hauge-jakkemerket vi fekk under Haugejubileet nokre år tilbake.

– Er gneiste det same som gnist, spurde nokon.

Ifølgje Allkunne er gneiste ein partikkel som gløder eller brenn, til dømes jern som er blitt varma opp ved eit slag mot stein. Altså ein gnist.

Og det var kan hende ein gneiste som tende i dei som først kom opp med ideen om eit eige nynorsk leksikon på nett. No har i alle fall leksikonet passert 5000 artiklar, det har nyleg publisert ei komplett samling artiklar om norske statsministrar – den første i sitt slag på nynorsk, og dei lanserte nyleg applikasjonar, appar, for Iphone og Android.

– Mobiltelefonar og nettbrett står i dag for ein stor del av nettbruken. Derfor er det svært viktig å ha nettsider som er tilpassa plattformene lesarane brukar. I fjor lanserte Allkunne mobiltilpassa nettsider, og no følgjer vi opp satsinga på mobile plattformer med applikasjonar, seier dagleg leiar Audhild Gregoriusdotter Rotevatn.

## ALLKUNNE:

I år er det politikk og psykiatri som er to store, dominerande tema i Allkunne. Dei er valde med tanke på valet neste år og med tanke på den pågåande rettsaka mot Anders Behring Breivik. Allkunne har professor i rettspsykiatri Einar Kringlen med som fagkonsulent på psykiatriartiklar.

## SAKTE OG SIKKERT

Allkunne er eit relativt nytt leksikon, lansert i 2009.

– I og med at vi er eit kvalitetssikra verk, byggjer vi leksikonet sakte, men solid, seier Rotevatn. Her er det ikkje berre å logge seg på og publisere ei sak, her må ein først levere tre prøveartiklar til Allkunne sin tverrfaglege hovudredaksjon. Dei vurderer kvaliteten på det du sender inn, og kanskje må du gjere endringar på det, eller kanskje er du ikkje heilt god nok. Men er det bra, så blir artiklane dine sende til språkvaske og publiserte, og du får betalt for dei. Allkunne-redaksjonen har ei lang liste med prioriterte ord dei ønskjer artiklar på, så her er arbeid nok å ta av.

– Det er ei lang reise, men vi meiner det er kjempeviktig at det vi presenterer, er til å stole på, meiner Rotevatn.

I tillegg til eigenprodusert materiale har Allkunne 32 000 artiklar dei har kjøpt av Caplex, og som dei jobbar med å få oppdaterte og omsette til nynorsk.



**NYE KANALAR:** Applikasjonar for Iphone og Android skal gjere det endå enklare å bruke Allkunne og forhåpentleg gjere leksikonet betre kjend, håper Stina Aasen Lødemel og Audbild Gregoriusdotter Rotevatn. (Foto: Laila Wadseth Lid)

## MEIR AV ALT

Det viktigaste arbeidet for Allkunne no framover blir å få opp volumet, seier Rotevatn.

Det skal bli fleire eigenproduserte artiklar, og dei skal ikkje berre handle om den nynorske kulturen. Allkunne skal bli eit stort og rikt allment leksikon, og det skal få fleire brukarar.

– Vi er ikkje godt nok kjende, medgjev dagleg leiar. Statistikken viser at ein har ein del å gå på når det gjeld besøk, og no håpar redaksjonen at dei nye appane skal gjere leksikonet lettare å bruke og betre kjent.

– Vi brukar dessutan sosiale medium mykje. Vi er til dømes det oppslagsverket som har flest følgjarar på Twitter, seier Rotevatn. Leksikonet har dessutan ein god skare av følgjarar på Facebook, og

Rotevatn meiner sosiale medium blir ein viktig veg å gå framover.

– Her må vi ikkje berre følgje med på trendane, vi må vere innovative.

Men viss du ønskjer å publisere her og no og kunne redigere og bestemme over leksikonet heilt sjølv, då er kanskje ikkje Allkunne den rette arenaen for deg. Då må du finne deg eit anna prosjekt. Då kan du arbeide med Wikipedia.

## DU OG EG ER SJEFAR

Wikipedia vart grunnlagt av amerikanaren Jimmy Wales og vart lansert i 2001. I dag finst Wikipedia på 283 språk, og nett-leksikonet er ein av dei ti mest besøkte nettstadene i verda. Norsk Wikipedia finst i to utgåver: bokmål/riksmål og nynorsk.

Både Allkunne og Wikipedia er leksikon der alle per definisjon kan bidra

med kunnskap. Men der Allkunne har redaktørstyrt og kvalitetssikra innhald produsert av betalte bidragsytarar, er Wikipedia brukarstyrt. Og brukarstyrt inneber at brukarane er alt: dei er lesarar, skribentar, redaktørar og fagnemnd. Dei er berre ikkje betalte.

## WIKIPEDIA

Då grunnleggjar Jimmy Wales nyleg gjeista Noreg, fekk han servert nyhenda om at Telenor no gjev gratis nettilgang til 140 000 brukarar i Asia og Afrika. Når desse går på Wikipedia frå mobilen sin, vil dei ikkje betale for nettsurfinga.

**VIL NÅ UT:** Vi håper at vi med kombinasjonen av prenta ordbok og nettversjon vil kunne nå eit breitt publikum av dialekt- og nynorskinteresserte brukarar, seier Åse Wetås i Norsk Ordbok. (Foto: Nynorsk Pressekontor)



## PASSAR PÅ OSS

På grunn av den anonyme redigeringa av leksikonet har Wikipedia gått for å vere ei mindre påliteleg kjelde enn dei etablerte leksikona og ordbøkene. Her er ingen fagkomité som kan gå god for kvaliteten på innlegga. I 2005 vart det lagt fram ein rapport som viste at Wikipedia var nesten like påliteleg som Encyclopædia Britannica, men samstundes har Wikipedia frå tid til anna vore utsett for hærverk ved at brukarar skriv løgnaktige artiklar eller redigerer eksisterande artiklar slik at desse blir feil. Det siste har ført til at brukarane har fått endå ei rolle i leksikonet; dei overvakar endringar som blir gjorde, for å demme opp for juks og feil.

På Wikipedia finn du ikkje ordet gneiste, men du finn garantert ein artikkel om Olav H. Hauge. Artikkelen om Hauge er etter måten kort, så her er nok rom for at fleire wikipedianarar kan vere med og skrive klokt og innsiktsfullt om poeten frå Ulvik.

## FRITT FRAM

Dei som skriv artiklar på Wikipedia, kallast altså wikipedianarar. Nyleg vart ein norsk meteorolog busett i Aserbajdsjan kåra til årets nynorsk-wikipedianar. Frode H. Korneliussen, eller Frokor som han heiter i Wikipedia-systemet, har starta 28 369 artiklar i leksikonet, og det utgjer nesten kvar tredje artikkel i nynorskversjonen.

– Eg starta å skrive på Wikipedia i 2006 og byrja å skrive om meteorologi, som er fagfeltet mitt i utgangspunktet. Etter kvart gjekk det over til geografartiklar, men i dag skriv eg om alt mogeleg. Hovudsakleg er det framleis geografi, i tillegg til europeisk historie, musikk og realfag, sa Korneliussen til Framtida.no då han fekk prisen i april.

Wikipedia er altså eit dugnadsprosjekt, og alt du finn på Wikipedia, kan du ifølgje Wikipedia bruke fritt. Nynorsk Wikipedia starta arbeidet i 2004.

## STÆVELEG

To år tidlegare starta Norsk ordbok 2014 opp arbeidet sitt. Norsk ordbok har som føremål å samle det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket. Det er dei snart ferdige med, men enno står nokre ord att før verket er komplett og kan lanserast. Det skal skje same året som Grunnlova har tohundreårsjubileum, altså i 2014. Til no er det gjeve ut ti band, og siste ord som har gått i trykken er stæveleg. Neste band forlèt redaksjonen i slutten av juni 2013 og vil bli lansert i Trondheim tidleg på hausten, fortel prosjektleder Åse Wetås til LNK-avisa.

## NORSK ORDBOK

Ein svært stor del av databasen til Norsk Ordbok er handskrivne lappar med ord, sirleg alfabetiserte og arkiverte i lokala deira på Blindern. Her kan ein til dømes finne utskrift av Hulda Garborg sine oppskrifter og dagbøker der ho skriv om eksotiske matvarer som spagetti og krydder frå det store utland.

## DIGITALISERER ETTER KVART

Lurer du framleis på kva ordet gneiste tyder, så finn du det likevel ikkje i den digitale versjonen av Norsk ordbok, for denne startar på h. Alle ord for det finst førebels i trykt versjon, men dei vil komme på nett også. Dei første digitale oppslagsorda kom på nett i mars i år, og ein håpar no å finne midlar til digitalisering og innhaldsrevisjon av dei eldste banda, slik at også desse kan kome inn i ordbasen og bli elektronisk tilgjengelege, fortel Wetås. Det vil i så fall skje etter 2014.

## DEN ANDRE ORDBOKA

Gneiste er eit substantiv, men er det kanskje også eit verb? Å gneiste? Ja, seier Nynorskordboka, det er det. Du kan vere så sint at det gneistrar av deg, må vite.

Nynorskordboka og Bokmålsordboka er tvillingar i Universitetet i Oslo sitt nettsystem, og det er universitetet og Språkrådet som står bak ordbøkene. Dei leverer eit stillferdig liv på ei litt vanskeleg tilgjengeleg nettside på Universitetet i Oslo sine nettsider. Her kan dei by på oppløringa av mang ei språkleg utfordring. Korleis bøyer vi bunad, kva er skilnaden på lengre og lenger? Er det berre katten

## NYNORSKORDBOKA

Apropos Nynorskordboka: Saknar du ord og uttrykk i ordboka, kan du foreslå nye ord til Ordvakta: <http://www.hf.uio.no/lin/tjenester/kunnskap/samlinger/ordvakta/>

som sit i tunet, eller kan katta sitje der og?

Røynde Wordfeud-spelarar har forresten for lengst funne eit nytt bruksområde for ordboka: I søkjefeltet skriv du inn ein og ein av bokstavane du har til rådvelde. Gjer det litt seint, så vil ordboka etter 2-3 bokstavar byrje å foreslå ord for deg. Dessverre er ikkje nynorskordboka til hjelp i dag, sidan vi ikkje kan spele Wordfeud på nynorsk enno. Men nett det har Språkrådet 2013 teke mål av seg å få orden på, så når den tid kjem, har vi svaret på den utfordringa også.

## Øvregård attvald som leiar

Håvard B. Øvregård er attvald som leiar i Noregs Mållag. Ny nestleiar er Janne Nygård, student og avtroppande leiar i Norsk Målungdom. Helga Hjetland og Terje Kjæde held fram i styret. Nye i styret er Sveinung Rotevatn, leiar i Unge Venstre, Nina Berge Rudi, lærar, og Vebjørn Sture, leiar i Norsk Målungdom



Tor Ole Steinsland  
Kommunikasjonsdirektør i  
Kommunalbanken

Foto: Kommunalbanken

## PÅ KOMMUNEVIS

### Vegen vidare

«Nå kan du bli med på å kære det største vegholet i Noreg!» forkynte VG 13. mars i år. Avisa oppmoda lesarane sine til å sende inn sine verste vegbilete. Sidan har bileta strøymt inn, og konkurransen er skarp. Førebels er ingen vinnar kåra. Alle som les dette, veit sikkert om ein vegstump som kunne vore med i konkurransen.

VG sin konkurranse er på mange vis den folkelege versjonen av Statens vegvesen si stamnettutgreiing frå 2011. I denne talde Vegvesenet alle veghola i Noreg og slo fast at det trengst 400–500 milliardar kroner for å få riksvegnettet opp på ein akseptabel standard. I følgje utgreiinga kan om lag ein tredel finansierast gjennom bompengar. Resten vil det ta over 30 år å drive inn over statsbudsjettet med noverande nivå på løyvingane. I tillegg har KS (FoU 2008–2009) kalkulert at det manglar mellom 35 og 45 milliardar kroner for å få ta igjen etterslepet på kommune- og fylkesvegar.

Det kan bli mange bomringar rundt om i Noreg i åra som kjem.

### Nye måtar å finansiere på

I løpet av 2012 skal regjeringa avslutte arbeidet sitt med nasjonal transportplan for perioden 2014–2023 (NTP). Al-lerieie nå er det klart at nye måtar å finansiere samferdsel på vil få ein viktig plass i planen. Det skal bli spanande å sjå kva forslag som kjem på bordet. Ulrike aktørar har allerede vore ute og lansert sine forslag.

Enkelte hevdar at offentleg privat samarbeid (OPS) er løysinga, andre vil ta i bruk Statens pensjonsfond utland. Finansnærings Fellesorganisasjon (FNO) har teke til orde for at det bør etablerast eit statseigd finansieringsselskap som kan bruke den norske obligasjonsmarknaden til å finansiere dei mange uløyste oppgåvene innan infrastruktur. Selskapet skal skrive ut obligasjonar, helst statsgaranterte, for å sikre dei beste vilkåra i marknaden.

Fordelen med ei slik løysing er at prosjekt ikkje vil stoppe opp som følgje av manglande budsjettdekning dei enkelte åra. For samfunnet vil dette gi økonomiske gevinstar i form av raskare gjennomføring og betre heilskap ved prosjekt som strekkjer seg over fleire år. Dette er ikkje heilt ulikt den måten som mellom anna Avinor og Statnett i dag finansierer oppgåvene sine på.

### Kommunalbanken si rolle

Kommunalbanken ser infrastruktur som eit viktig finansieringsområde framover. Ved årsskiftet hadde banken forpliktande låneengasjement på 22,2 milliardar norske kroner knytte til 21 ulike vegprosjekt over heile landet. Banken ventar auka etterspurnad etter lån til infrastruktur i åra som kjem, først og fremst som følgje av forvaltningsreforma frå 2010, då store deler av riksvegnettet blei overført frå staten til fylkeskommunane – «hol for hol» som ein fylkespolitikar frå Austlandet formulerte det.

Det er ingen tvil om at det må tenkjast nytt for å skaffe kapital til det store etterslepet Noreg har innan infrastruktur. I lys av dette er FNO si forslag godt. Vi ser gjerne at Kommunalbanken kan bli ein del av denne løysinga. Skal vi bli eit instrument for styresmaktene, må det nokre praktiske endringar til i rammevilkåra våre, men Kommunalbanken har i alle høve den kompetansen og erfaringa som skal til.

# – Ta vare på festivalane

**Distriktssenteret meiner kommunane bør bli flinkare til å nytte seg av marknadsføringseffekten som festivalane gjev.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Når ein festival blir kjend, blir også staden eller kommunen kjend. Mange festivalar bidreg indirekte til å profilere staden der festivalen går føre seg. Festivalen formidlar gjerne totalopplevinga av staden og reisa fram, til dømes via heimesider eller brosjyrar. I ein del tilfelle profilerer festivalen kommunen langt meir enn kommunen profilerer festivalen, slik Ekstremsportveko etter kvart er synonym med Voss, seier seniorrådgjevar Stein Magne Os i Distriktssenteret.

**I 11 festalkommunar** er grunnlaget for kartlegginga, som Distriktssenteret har gjennomført, og mange av festivalane byggjer på lokale identitetsmerke, som fjellfriluftsliv i Rauma og rakfisk i Valdres.

Me har utvikla eit godt samarbeid med kommunen, både med administrasjonen og politikarane, seier dagleg leiar i Ekstremsportveko, Margrethe Alm. Ho viser spesielt til prinsippet «ein søknad inn, eitt svar ut». Mange møter og mykje administrativt arbeid er bakgrunnen for at ein no samlar alle spørsmål som skal frå festivalen og til kommunen, i ein søknad. Så tek den kommunale koordinatoren Kurt Andreassen kontakt med dei ulike instansane i kommunen,

før han innkallar festivalleinga til eit møte der dei går gjennom alle punkta.

– Det er veldig tidssparande at me no kan samle alle spørsmål i ein søknad, det tener kommunen også på, seier Alm.

**Ekstremsportveko** er den største sport- og musikkfestivalen av sitt slag og blir arrangert kvart år på Voss. Her blir det arrangert konkurransar i kajakk-paddling, rafting, MTB-BMX, kiting, fallsjermhopping, paragliding, hanggliding og klatring for å nemne noko. Veko har omlag 10 000 besøkjande, 1200 utøvarar frå 30 ulike nasjonar og om lag 400 frivillige i aksjon under festivalen. I år blir Veko arrangert for 15. gong.

– Slike jubileum er ofte kritiske for festivalar, men me har ikkje tenkt å gje oss, seier Margrethe Alm.

**Alm meiner kommunen** er flink til å marknadsføre festivalen, samstundes som marknadsføringseffekten andre veggen er stor.

Eg vil seie Ekstremsportveko marknadsfører kommunen så det held, ikkje minst via dei daglege NRK-sendingane frå festivalen. Det er også eit stiftingsvedtak at ein skal bruke Veko til å marknadsføre ekstremsportplassen Voss og til å formidle at ein bør flytte til Voss dersom ein ynskjer ei aktiv fritid. Det er vanskeleg å setje tal på kva festivalen har å seie for kommunen med om lag 14 000 innbyggjarar. Koordinator for festivalen i kommunen, Kurt Andreassen, meiner likevel at gevinsten er stor, og at næringslivet tener godt på mykje aktivitet og mange gjester til bygda.



– Voss kommune brukar festivalen for det han er verd. Me kan sikkert bli flinkare til å bruke han aktivt, men me ser til dømes at unge folk legg vekt på Veko når dei søker jobb eller ynskjer å flytte hit, seier Andreassen.

Festivalen gjev ein positiv gevinst i heile bygda, han har eit godt lokalt omdømme. Og det er viktig, slår Andreassen fast.

– Er det mange utfordringar for kommunen knytte til festivalen?

*Me prøver så godt me kan å bruke festivalen aktivt i kommunal omdømmebygging.*

Kultursjef i Rauma kommune, Harald Krøvel



– Det bør det ikkje vere, i så fall bør det vere utfordringar kommunen bør ta med eit smil om munnen.

Kommunen brukar i fylgje Distriktssenteret sin rapport Ekstremsportveko til eigenreklame i brosjyrar og i eksterne samanhengar, der dei skryt av festivalen som ein viktig del av Voss sin identitet. Så langt LNK-avisa kan sjå, er derimot den kommunale nettsida så godt som fri for Veko-reklame.

**Sjølv om Alm** er veldig positiv til kommunen si rolle i festivalarrangementet, ser ho også nokre utfordringar.

– Det tok veldig lang tid før me fekk fast økonomisk støtte frå kommunen, 13 år før me var fast i budsjettet. Det er altfor lang tid, men no er me inne med 200 000 kroner årleg, og det er me nøgde med. Det er mange brikkar som skal på plass.

– Kva bør kommunen gjere betre framover?

– Politikarane må gje oss klare rammevilkår for festivalen og ikkje vingle i viktige saker.

– Me veit aldri kva politikarane vil med oss i framtida. Dei økonomiske rammene er ein ting, men også politiske vedtak kan spela inn. Til dømes gjeld dette om vernet av Raundalselva vert fjerna og om det vert lagt restriksjonar på flyging i samband med fallsjermhopping.

Voss har ein reiselivspan målet er å bli best i Nord-Europa innan natur og kulturressursar innan 2017. Skal ein klare det, må politikarane våge å ta eit val og gje oss tydelege rammer.

Margrethe Alm trekkjer også fram paraplyorganisasjonen Festival Voss som ein viktig aktør. Organisasjonen omfattar dei fire store arrangementa på Voss; Ekstremsportveko, Vossjazz, Osafestivalen og Voss cup. Organisasjonen har som mål å styrkje samarbeidet på tvers av festivalane i kommunen, mellom anna ved å utveksle erfaringar, utvikle kompetanse, koordinere

**EKSTREMT:** Ekstremsportveko på Voss samlar 10 000 besøkjande og set kommunen på kartet. (Foto: Elin Fjellidal)

**OMDØMMEBYGGING:** Gjengen bak Norsk Fjellfestival bar satsa på same verdigrunnlag som Rauma kommune. (Foto: Norsk Fjellfestival)



samarbeider, til dømes som i Rauma, der Norsk Fjellfestival vert arrangert. Der har kommunen og festivalen eit tett samarbeid og eit felles verdigrunnlag. Rauma kommune har slagordet «Verdas beste kommune for naturglade menneske», og det er akkurat dei same verdiane festivalen representerer og jobbar for. På denne måten styrker festivalen og kommunen sitt felles omdømme.

som er glade i fjell og friluftsliv. Festivalen har fast samarbeid med Den Norske Turistforening (DNT), som mellom anna har lagt ungdomsleiren sin, Basecamp, til fjellfestivalen. Årets fjellgeit blir delt ut i samarbeid med DNT, ein pris mellom andre Vegard Ulvang, Børge Brende, Cecilie Skog og Dronning Sonja tidlegare har fått.

**Også Sylte** legg vekt på praktiske utfordringar knytte til sjølve arrangeringa av festivalen.

– Kommunen bør leggje til rette for festivalen sine aktivitetar. I dette bør det leggje at det skal vere enkelt og lite ressurskrevjande å få løyve til å frakte ting med til dømes ATV og traktor. Det bør også vere ein enkel prosess å få stengt av gater og anna som er naudsynt for gjennomføringa, seier ho. Ho finn det vidare naturleg at kommunen støttar festivalen økonomisk, noko dei gjer.

– Kva kunne kommunen gjort betre?

– Det hadde vore ynskjeleg at kommunen hadde ein fast person me kunne ta kontakt med, særleg i veka før og under sjølve festivalen, rett og slett ein festalkontakt. Elles skulle me gjerne ha sett at kommunen sjølv var flinkare til å ta initiativ, det blir lett til at alle forslag eller idear kjem frå festivalen. Me skulle også ynskje at kommunen hjalp oss meir med å hente økonomiske midlar frå det offentlege, som frå fylkeskommunen og departementet.

**Det er dagleg leiar** i Norsk Fjellfestival, Solrun Sylte, samd i.

– Norsk Fjellfestival er i ein spesiell situasjon fordi Rauma kommune har bygd visjonsarbeidet på festivalen si historie og arbeid. Dette gjer at det er naturleg for kommunen å marknadsføre seg ved hjelp av fjellfestivalen i mange samanhengar, men òg for festivalen å promotere Rauma kommune som nettopp den beste kommunen i verda for naturglade menneske, seier ho. Mellom anna bytte kommunen i 2011 ut alle turistflagga med festivalflagg under festivalen.

– Dette var eit enkelt tiltak som viste kommunen sitt engasjement og eigarskap, meiner Sylte.

Norsk Fjellfestival i Romsdal blir i 2012 arrangert for 14. gong. Festivalen er i dag det største og viktigaste enkeltarrangementet i Noreg for menneske

aktivitetar og samordne dialogen med kommunen.

**Dei fleste kommunar** kan bli flinkare til å vise seg fram og marknadsføre kommunen eller tettstaden sine kvalitetar for dei mange tilreisande som kjem på besøk. Mange av dei er gjerne utflytta bygdefolk eller potensielle tilflyttarar. Festivaldagane er ein framifrå arena for å vise fram kva staden har å by på, seier Stein Magne Os ved Distriktssenteret.

Han meiner kommunen bør dra nytte av den positive merksemda og omdømet som festivalen gjev, og som ein aktivt kan bruke i brosjyrar, pressemeldingar, nettstader og sosiale medium.

– Kva kan ein festival «leggje atb» i kommunen?

– Rapporten fokuserer mest på kommunen si rolle. Men det kartlegginga viser, er at festivalen bidreg med aktivitet, merksemd og sosial verdiskaping i bygda. Innbyggjarane blir ofte stolte

over å høyre til ein stad der det skjer slik positivt lada aktivitet.

– Kva er rådet til kommunar som ynskjer å utnytte festivalane betre?

– Samarbeid og kommunikasjon er nøkkelorda for å utnytte festivalane betre. Kommunen må møte festivalleinga og diskutere kva det er som festivalane gjer som kommunen kan dra nytte av. Kommunen kan ikkje vente at festivalane skal gjere arbeidet for dei, til det er festivalane for opptekne med sitt. Men kommunen kan få tips om kva arenaer det er best å vere tilstades på, og kva tiltak som kan fungere i høve målgruppa for festivalen, meiner Os.

Stein Magne Os trekkjer fram Norsk Fjellfestival i Rauma kommune som eit godt døme på korleis kommunen kan gjere festivalen meir kjend.

– Den beste slagkrafta, både for kommunen og festivalen, får ein når kommunen og festivalen

FØLG OSS PÅ FACEBOOK  
06 TWITTER

Bli tingar og få Pirion i posten 8 gonger i året for kr 235,-

Pirion-kurs  
Les meir på [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

startside /

Klikk deg til meir nynorsk!

[www.startside.no](http://www.startside.no)

OPPLEV • DELTA • UTFORSK

**GARBORGSENTERET**  
JÆRMUSEET

Eit senter for demokrati, kunnskap og skaparkraft

**Mot til å meina, styrke til å skapa!**  
Utstillinga er open for publikum måndag til laurdag f.o.m. 2. juli t.o.m. 11. august. Velkommen!  
Offisiell opning i september.  
Les meir på [www.garborg.no](http://www.garborg.no)

Illustrasjonar: Steffen Kvernemeland

## Kva meiner du?

Svar på spørjeundersøkinga vår:

- Les du **LNK-avisa** kvar gong?
- Kjenner du til **LNK** i sosiale medium?
- Kva synest du vi skal skrive om i **LNK-avisa**?

**Det tar deg maks 5 minutt og du kan vinne 1000 kroner!**



# LNK

Spørjeundersøkinga finn du på

[www.lnk.no](http://www.lnk.no)

## Vil ha Wordfeud på nynorsk

**Eid Målungdom og Eid kommune ber LNK ta initiativ til å få på plass ei nynorsk utgåve av spelet Wordfeud.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Når ein ser at bruken av smarttelefonar aukar så mykje, er det også viktig at det finst nynorske tilbod på desse, seier Svein Olav Langåker i LNK.

Han viser til at det i dag er svært få nynorske applikasjonar, også kalla appar.

– Eg håpar at det ikkje vil bli så lenge til Wordfeud er å finne også på nynorsk, slår Langåker fast.

– Enno finst ikkje Wordfeud i nynorskversjon. Det gjer at tusenvis av nynorskbrukande born og unge ikkje får bruke eige språk i sin språkleik på nettet. Samtidig vil ein nynorsk versjon av Wordfeud gi born og unge med bokmål som hovudmål ein ny moglegheit til å trene seg i å skrive nynorsk. Det ville for mange vere ei kjærkomen avveksling frå den tradisjonelle norskundervisninga på skulen, skriv Eid Målungdom og Eid kommune i brevet til LNK.

Wordfeud er eit ordspel à la Scrabble for smarttelefonar og nettbrett. Spelet har det siste året blitt enormt populært i Noreg og er no lasta ned av nær ein million nordmenn. For mange, særleg born og unge, er Wordfeud eit effektivt og kjekt verktøy til å bli betre i språk, ordforråd og rettskriving.

– Vi trur ein nynorsk versjon av Wordfeud raskt kan bli eit godt hjelpemiddel i norskopplæringa i grunnskulen, uansett om elevane har nynorsk som hovudmål eller sidemål. Det er ein viktig grunn til at vi meiner Landsmanslutninga av nynorsk kommunar bør engasjere seg for å få Wordfeud på nynorsk. Wordfeud er utvikla og eigd av ein norsk programvareutviklar, heiter det vidare i brevet.

Dagleg leiari i LNK, Vidar Høviskeland, meiner dette er ei viktig sak.

– Wordfeud har blitt utruleg populært på kort tid, og det ligg mykje god potensiell rettskrivingstrening i programmet. Den elektroniske språkbanken som Wordfeud gjer seg nytte av i bokmålsversjonen, er også tilgjengeleg i nynorskversjon. Og utviklaren har sjølv sagt at det skal kome språkversjonar, så dette ser me fram til å jobbe med, seier Høviskeland

## Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserer vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.  
Send **Fagforbundet medlem til 1980**

**FAGFORBUNDET**



## Vurderer nynorskby

**Kan eit nynorsk teater i sentrum av Bergen gje byen status som nynorsk hovudstad?**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Me har som mål å flytte Hordaland Teater inn til Bergen sentrum, i dag held me til i Fana. Tanken er å etablere nynorskscena i Bergen, seier teatersjef Trond Birkedal.

Tunge aktørar som Kultur Vest, Hordaland fylkeskommune, Nynorsk kultursentrum og altså Hordaland Teater deltek i debatten om me treng ein nynorsk hovudstad på Vestlandet. Det var bakgrunnen for eit møte om eit mogleg nynorskscenar i Bergen.

– Ein gong trong Venstre målsaka for å bli stort og ta makta. Det fekk målsaka mykje att for: I dag treng Bergen nye alliansar for å hevde seg på Vestlandet. Ein blir ikkje verande hovudstad på Vestlandet utan å gjere seg fortent til det. Bergen må forvalte all den økonomiske, kulturelle og språklege makta som skaffast kan, skriv direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad i ei innleiing han heldt på møtet.

– I dag treng Bergen oss nynorskbrukarar. Me nynorskbrukarar treng Bergen. Me treng ein storby som ikkje berre hevdar, men også praktiserer språkleg respekt på ein heilt annan måte enn den forakta for nynorsk som renn i gatesteinane i Oslo, og på absolutt avstand til den forakta for bygdefolks talemål som lenge blei dyrka også i Bergen, skriv Grepstad vidare. Han slutta seg til Einar Førde sine kjende ord: Nokon må snakke saman for at noko skal bli gjort.

### FLEIRE ALTERNATIV

Ottar Grepstad legg vekt på at ynskjet til Hordaland Teater om å flytte inn til Bergen sentrum har utløynt eit spørsmål om ein kunne gjort noko meir. I dag er fleire alternativ lufta, alt frå eit nynorsk senter i Bergen til ein møteplass der folk kan

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Sjølv om Vennesla kommune er språkneutral, vert det i dag stort sett berre skrive på bokmål i den kommunale forvaltninga. Grunnen til at kommunen er språkneutral, er nok at storkommunen Vennesla er samansett av tre samanslutte kommunar. Ved samanslutninga i 1963 var to av desse kommunane nynorsk kommunar, medan



**VIL FLYTTE:** Hordaland Teater ønskjer seg nye lokale i Bergen sentrum. Det starta debatten om ein nynorsk hovudstad på Vestlandet. (Foto: Tør Erik H. Mathiesen)

**POSITIV:**  
Fylkeskultursjef i Hordaland, Anna Elisa Tryti, vil fremje nynorsk kultur i Bergen. (Foto: Hordaland fylkeskommune)



treffast. Det er mange institusjonar som ikkje snakkar mykje saman i dag.

Tradisjonelt sett ligg Bergen tettare på den nynorske kulturen og er dermed eit betre alternativ enn Stavanger, seier Grepstad til LNK-avisa.

Det nye teateret blir ofte omtalt som eit Jon Fosse-teater, noko teatersjef Birkedal ristar lett på hovudet av.

– Det er ei misforståing. Det var vår tidlegare fylkesordførar (Torill Selsvold Nyborg, red.merk.) som foreslo det ein gong, at teateret kunne heite Jon Fosse-teateret. Men sjølv om Fosse støttar planane, har han aldri sagt at det nye teateret skal heite Jon Fosse-teateret.

– Kva skjer no vidare med planane?  
– No ligg ballen hjå fylkeskommune. Dei skal ha eit møte i juni der dei skal

vurdere eit prinsippvedtak om flytting av teateret.

Hordaland fylkeskommune er den største eigaren av Hordaland Teater. Birkedal meiner det på tide å etablere ei nynorskscene i Bergen.

– Det finst jo ingen nynorske organisasjonar her, alle er i Oslo. Nynorskscena i Bergen vil forhåpentleg få same funksjon her som Det Norske Teatret har i Oslo. Det er mange fleire nynorskbrukarar her, tenk berre på forfattarmiljøet, på skodespelarane og alle studentane her som kjem frå område der nynorsken er viktig.

### NY TEATERPLASSERING

Pål W. Lorentzen er styreleiar i Kultur Vest, ein paraplyorganisasjon for kulturorganisasjonar i Bergen. Kultur Vest er ein av initiativtakarane bak tanken om eit nynorsk senter i Bergen.

– Vårt utgangspunkt er at Hordaland Teater gjerne vil ha ei ny lokaliserings sentralt i Bergen. Dermed kom tanken om å skape ein arena som kan brukast av fleire. Eg trur nok Bergen vil spele ei viktig rolle dersom ein skal etablere ein nynorsk hovudstad på Vestlandet.

Fleire av aktørane peikar på at dette ikkje er meint som ei sentralisering av allerede eksisterande institusjonar, men som eit knutepunkt der nynorsk kan samlast på Vestlandet. Det blir også gjevne uttrykk for at dette bør bli eit senter der ein kan samle ulike aktørar innan kulturlivet.

### PLANLEGG KULTURSTRATEGI

– Det var eit positivt møte, der det var stor semje om at ei form for institusjonell samling i Bergen må til for å styrkje arbeidet med nynorsk språk og kultur. Kvifor skal Oslo vere nynorsk hovudstaden? Bergen har mange sterke kompetanse miljøer som saman med resten av Vestlandet og landet bør aksle eit slikt arbeid, seier fylkeskultursjef i Hordaland, Anna Elisa Tryti. Ho nemner Nynorsk kultursenter, Hordaland Teater og Skrivekunstakademiet som viktige aktørar i tillegg til biblioteka og litteraturhusa i Bergen og Odda.

– Hordaland fylkeskommune har i forslag til planprogram for ny regional kulturplan, som no skal sendast ut på høyring, foreslått behovet for ein nynorsk kulturstrategi som eit av dei punkta me vil ha tilbakemeldingar på, seier ho. Ho legg vekt på at dei fleste kommunane i Hordaland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsspråk, og at dialektane i Hordaland ligg nærast opp til det nynorske skriftspråket.

Nynorsk skriftspråk er likevel under sterkt press, og talet på born og unge som har nynorsk som hovudmål i skulen, er i sterk nedgang.

– Oslo og ikkje Bergen har dei viktigaste nasjonale nynorskarenaene og institusjonane. I kulturplanen vil det vere eit viktig tema å finne virkemiddel til å fremje nynorsk kulturen og Bergen si rolle som viktig by for nynorske institusjonar og kulturtrivlingar. Planprogrammet vert handsama i kultur- og ressursutvalet denne veka. Tryti meiner dessutan at det er spanande med den positive samhandlinga mellom dei tre nynorskteatra, Det Norske Teatret, Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater.

## Opnar for meir nynorsk

**Rådmann i Vennesla kommune, Svein Skisland, opnar no for at den språkneutrale kommunen skal bruke meir nynorsk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Sjølv om Vennesla kommune er språkneutral, vert det i dag stort sett berre skrive på bokmål i den kommunale forvaltninga. Grunnen til at kommunen er språkneutral, er nok at storkommunen Vennesla er samansett av tre samanslutte kommunar. Ved samanslutninga i 1963 var to av desse kommunane nynorsk kommunar, medan

den største kommunen, Vennesla, var bokmålskommune, seier rådmann Svein Skisland til LNK-avisa.

Bakgrunnen er eit brev frå Vennesla dialekt- og mållag, der leiaren Oddvar Moen skriv at han saknar nynorsk både i saksutgreiingar frå administrasjonen i kommunen og på kommunen si heimeside. No krev han at kommunen tek si språklege nøytralitetssline på alvor.

– Kommunen har eit mål- og dialektlag som er aktivt, og etter mi mening er det bra. Det er viktig å få fram eit meir språkleg mangfald i kommunen. Eg vil ikkje innføre nokon tvang til å skrive nynorsk, og det er heller ikkje aktuelt å innføre noka form for kvotering. Eg vil derimot oppmøde dei



**MEIR NYNORSK:** Rådmann Svein Skisland i Vennesla kommune opnar no for meir nynorsk i kommuneadministrasjonen. (Foto: Vennesla kommune).

sakshandsamarane som meistrar begge målformer, om å nytte nynorsk der det fell naturleg. Dette gjeld både på nettsidene og elles i administrasjonen, slår Skisland fast.

– Kor sterkt står nynorsken i Vennesla?  
– Nynorsken har nok blitt svekt dei siste tiåra. Til dømes nyttar alle skulane og kyrkjene i kommunen bokmål. Talemålet i kommunen, den særprega vennesladiakten ligg likevel etter mange sitt syn nær opp til nynorsk.

I eit intervju med Fæderlandsvennen opnar rådmannen dessutan for at han sjølv vil byrje å skrive nynorsk i somme høve.

# Vestlandsikonet

**Ragnar Hovland meiner det er ubehageleg å snakke om seg sjølv. Då han fylte 60, hadde han likevel ikkje lenger noko val.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMMAR  
judith@norsk-plan.no

Det har gått ein måned. Ein måned sidan vestlandsforfattaren og nynorskikonet Ragnar Hovland runda 60. Sjølv dagen feira han heime hjå seg sjølv, med marokkansk suppe og vin, saman med den nærmaste familien.

– Mor mi heldt ein tale for jubilaranten, og eg sjølv heldt ein tale for familien. Der fortalde eg blant anna til dei at eg sette pris på dei, noko som truleg kom som ei overrasking på enkelte, seier han.

Kontrasten er stor til det som skjedde på Logen Teater i Bergen nokre veker tidlegare. Då vart det invitert til ope hus og sjevande 60-årsfeiring i jubilaranten si eiga ånd, med musikk, ord, kjærleik, bannskap, bøn og bar i følgje Facebook-skildringa av bursdagsfeiringa.

Ein skulle tru dei fleste ville rette ryggen litt ekstra ein slik kveld, nyte rampelyset og kose seg med merksemda. Men ikkje Hovland.

– Å vere midtpunktet her er både flaut og pinleg, men når det er sagt, er det ei zere også, uttalte han til Vestlandsrevyen på festkvelden.

Og no, ein måned inn i 60 åra, skildrar Hovland det som å leve i ein skrekfilm.

60-årsfeiringa vart også bakteppet for boka *Ler dei no, så har eg vumme*, som forfattarane og venene Finn Tokvam og Halvor Folgerø gav ut i vår. Her presenterer dei både skakande avsløringar og upubliserte tekstar skrivne av Hovland. Alt føregår på ei reise til Berlin.

– Korleis var det å gå på kafé med desse mørkleddede karane, som dei skildrar seg sjølve, og åpne seg som privatperson? Du har ikkje gjort så mykje av det før?

– Nei, eg har ikkje det, og det er først og fremst ubehageleg å snakke om seg sjølv, særleg over så lang tid. Men intervjuarane er jo hyggelege og vennlege folk, og det var ikkje så vanskeleg å seie stopp når det var emne og ikkje ville snakke meir om. Så det var ein blanding av lystig sosialt samvær og pinebenk.

Tokvam og Folgerø byrjar å bli ganske godt kjende med Hovland. Mykje på grunn av raude velurdressar og ein revyscene. Det heile starta i Bergen i 2007, då Olav Stedje, Ragnar Hovland, Claus Sellevold, Halvor Folgerø og Finn Tokvam starta opp eigen revy med basar. Året etter vart det turne, og i 2011 kom *Vestlandsrevyen II*.

– Det har vore eit slit, men også ei stor glede. På eitt eller anna tidspunkt i livet mitt oppdaga eg, til mi overrasking, at eg hadde glede av å stå på ein scene. Og det er ikkje minst ei glede å gjere ting saman med flinke folk, slår Hovland fast.

– Du er musikal?

– Det skal ingen få skulde meg for. Men eg er såpass habil på opptil fleire instrument at eg kan spele både åleine og saman med andre utan at det høyrst heilt forferdeleg ut. Og slik har eg fått vore med på ting og aldri hadde tenkt eg skulle vere med på.

Hovland debuterte i 1979 med romanen *Alltid fleire dagar*. Til saman har det blitt 40 utgjevingar, både for barn og vaksne, i mange ulike sjangrar. Unge Hovland hadde tålt mange avslag frå forlaga før gjennombrøtet kom på Samlaget – takka vere Einar Økland, som den gong var konsulent og alvorleg sjuk av kusma. Han såg den særreigne og sjølvstendige stemma og meinte dette var ein forfattar forlaget burde sikre seg.

– Kva bar Einar Økland betydd for deg?

– Han betydd svært mykje, ikkje minst fordi eg hadde så stor spekt for han. Og hadde han ikkje gripe inn den gongen, er det ik-

kje garantert at eg hadde vore forfattar i dag. Det ville i alle fall teke lenger tid. Eg kjende på eit eller anna tidspunkt at eg hadde lyst til å skrive, at det gav meg ei glede. Og så var det ein fin måte å unngå å skaffe seg fast arbeid på. Men eg har aldri på noko tidspunkt bestemt meg for å bli forfattar.

Einar Økland på si side hugsar godt den unge forfatterspira.

– Eg hadde berre møtt han eit par gonger, den eine gongen skulle han og ein annan intervju meg for tidskriftet Basar. Men han sa ikkje eit einaste ord. Intervjuet kom på trykk, men det var ikkje Hovland sin fortene, seier Økland og ler.

– Ha, det er ei god historie, men som alle gode historier er ho ikkje heilt sann. Eg skal likevel vedgå at eg sa litt mindre enn den

*Eg har vokse opp på Vestlandet, og eg brukar den geografien eg kjenner best.*

andre intervjuaren. Til gjengjeld var alt eg spurde om, svært klokt, svarar Hovland på Økland si mimring.

– Ragnar Hovland er heilt seg sjølv. Han er sjølvstendig, der er ikkje noko etterlikning, han snakkar ope og ærleg. Han er spesiell, han vart tidleg vaksen, men var likevel barn veldig lenge, fortel Økland. Han meiner litteraturen til Hovland både har den kvardagslege tonen og ein distanse til lesaren, samstundes som ein finn barnslege observasjonar.

– Kva ligg det i begrepet å skrive «hovlandske»?

– Det er vel ikkje egentleg opp til meg å definere, men det handlar vel først og fremst om bestemte stilmiddel, bruk av metaforar, bestemte måtar å snakke på, ein slags naivisme, ein viss type humor og melankoli. Noko slikt, vil eg tru? seier forfattaren sjølv.

Hovland meiner humor er noko som oppstår, ikkje noko ein planlegg eller lagar.

## SJØLVMELDING

**Namn:** Ragnar Hovland  
**Alder:** 60  
**Bur:** Oslo  
**Sivil status:** Gift

**Les:** Etter innfallsmetoden. Det som kjem i min veg, og som eg brått kjenner at eg har lyst til å lese nett no. Det eg les minst av, er vel nyare norsk skjønnlitteratur.

**Høyrer på:** Også det meste. Klassisk, jazz, folkemusikk, pop. Kjem mykje an på humøret.

**Førebilete:** Svært mange. Nokre av dei viktigaste då eg byrja å skrive: Dylan Thomas, Richard Brautigan, Boris Vian, Arild Nyquist, Einar Økland og Kjartan Fløgstad.



(Foto: Hanna Maria Van Zijp Nilsen)

– Bøker som inneheld humor, blir ofte vurderte som lette og overflatiske. Men eg kan trygt seie at det er vanskelegare å vere morosam enn å vere alvorleg. Ingenting er lettare enn det siste. Og dei fleste av dei største forfattarane har mykje humor.

– Kva blir du inspirert av?

– Nesten kva som helst. Ting eg høyrer, les eller ser. Bøker, filmar, målarverk, samtalar. Eg får alltid dei beste ideane når eg er heimafrå, helst ute av landet.

– Ja, du reiser mykje. Er du rastlaus?

– Det kan ein trygt seie, og det har eg alltid vore. Men det er også alltid godt å komme heim att.

– Berlin er i ein særstilling. Men kvifor?

– Berlin er no framleis ein av dei mest interessante byane i Europa, og eg har vore her mange gonger. Eg kjenner meg vel her, og det er alltid noko å finne på. Eg har i det heile eit nær forhold til Tyskland, mest på grunn av den første kona mi, som er tysk.

Ragnar Hovland drøyer om å skrive ei bok han er verkeleg nøgd med. I dag er han mest nøgd med å ha skrive og gjeve ut bøker som er såpass langt utanfor allfarvegen, som han kallar det. Og suksessen har vore stor og i mange variantar. Odd Nordstoga har gjort *Kveldsong for deg og meg* kjend ein gong for alle.

– Det var først og fremst uventa. Ikkje at Odd Nordstoga skulle få suksess, den ville ha tvinga seg fram, men at songen skulle slå slik an. Så eg er Odd stor takk skyldig for at han grov denne teksten fram ein gong og deretter tok han med på plate. Og for at han alltid opplyser kven som har laga teksten. Odd er ein gentleman.

Å velje seg ut ei yndlingsbok av sine eigne er ikkje lett. Ei av bøkene som til sutt kjem opp er *Ei vinterreise*, der forfattaren bruker sin eigen kreftsjukdom via dagboksnotat.

– Om eg skal velje blant vaksnebøkene, må det truleg bli *Sveve over vatna* og *Ei vinterreise*. Den første fordi ho på eit vis har levd sitt eige liv og nådd fram til stadig nye generasjonar av lesarar. Ho er ei bok som eg rett og slett er fornøgd med – og litt stolt over at eg slapp unna med noko såpass merkverdig. Ei vinterreise fordi det er ei nokså personleg bok, der eg bruker mine eigne dagboksnotat som del av romanen. Også denne boka nådde mange lesarar, til dels andre enn dei eg hadde frå før. Blant barne- og ungdomsbøkene må det bli *Bjørnen Alfred* og *bunden Samuel* forlèt pappkartongen, då det rett og slett er denne eg meiner er best, og den av bøkene mine som har nådd lengst ut i verda, heilt til Kina.

– Har du eit godt råd til ei forfatterspire der ute?

– Å halde ut. Og akseptere at det meste av jobben går ut på å sitje åleine på eit rom og sjå inn i ein naken vegg.

Ragnar Hovland er ein vestlandsforfattar, noko som syner godt igjen i bøkene. Han er fødd i Bergen, men flytta mykje rundt på Vestlandet i oppveksten. Bygdene, dei smale vegane og kulturen er blitt ein del av litteraturen og livet til Hovland.

– Eg har vokse opp på Vestlandet, og eg brukar den geografien eg kjenner best. Det gjer nok dei fleste forfattarar. Mykje av handlinga i dei fleste av bøkene mine går derfor føre seg på Vestlandet, om enn i mytifisert og forstørra versjon.

Hovland gjenkallar eit barndomsminne.

– Eg blei kraftig lurt ein gong, då ein kar som var mange år eldre enn meg, fortalde at vegen hadde rast saman eit par kilometer unna, noko som var sant, og at det hadde skjedd på grunn av nokre kinesarar. Dei hadde halde på med å grave ein tunnel, og så hadde dei kome litt for høgt opp. Dette lærte meg at ein skal vere skeptisk og ikkje automatisk tru på det folk seier. Om Hovland sin litteratur er kjenneteikna av vestlandsk geografi og veremåte, er han ikkje mindre prega av det nynorske språket.

– Nynorsken er språket mitt, det er vel så enkelt som det. Og utan nynorsken veit eg ikkje om eg hadde skrive bøker. Det hadde i alle fall ikkje vore dei same bøkene.

# Målprisen til Jon Fosse

**Jon Fosse får Målprisen 2012 frå Noregs Mållag. – Han tek oss med inn i eit univers som gjev klangbotn over heile verda, heiter det i grunningjevinga.**

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

I grunningjevinga blir Fosse omtalt som ei nynorsk verdsstjerne og ein forfattar som er kjend for ein bestemt rytme og minimalisme, der alt overflødig er skrella vekk, og ein står attende med orda. Juryen legg vekt på at det kanskje er den reinskorne stilen som gjer at han i dag vert spelt på teater over heile verda.

Jon Fosse blir rekna som ein av dei viktigaste norske forfatarane i vår tid. Tekstane hans er omsette til over 40 språk, og skodespel er sette opp meir enn 700 gonger over heile verda. Fosse har motteke ei uendeleg rekke prisar både i inn- og utland og er av kritikkarar blitt omtalt som det 21. hundreåret sin Beckett.

Fosse kjem frå Strandebar. Han debuterte som skjønnlitterær forfattar med romanen Raudt,


*Jon Fosse vert kalla ei nynorsk verdsstjerne og får no målpris.  
(Foto: Tom A. Kolstad/Samlaget)*

svart i 1983, og seinare kom det fleire romanar, diktsamlingar og etter kvart barnebøker og ei essaysamling. Fosse debuterte som dramatiker med stykket Og aldri skal vi skiljast i 1993 og har med skodespel som Nokon kjem til å komme (1996), Ein sommars dag (1998), Draum om hausten (1999) og Eg er vinden (2008) oppnådd ein internasjonal suksess som manglar sidestykke i norsk samtidslitteratur.

Fosse er stolt over å vere nynorsking, han har sete som styremedlem i Nynorsk kultursentrum og har tidlegare uttalt:

«Kvifor skal eg argumentere for at språket mitt og til nokre hundre tusen andre skal få lov til å eksistere? Det er jo språket mitt, det eg kanskje er mest knytt til her i livet. Eg er veldig glad i språket mitt. Eg opplever det nedverdiggende å skulle måtte argumentere for det?»


Jon Fosse har også fått æra av å flytte inn i staten sin æresbustad Grotten, som no må heite Grotta. Sjølv var han usikker på om han skulle takke ja, men han meinte det var symbolsk viktig, ikkje minst for nynorsken, skriv Noregs Mållag. Fosse er også kommandør av St. Olavs orden.



## Noregsmeister

Hardangerbrua er den lengste hengebrua i Noreg. Ei bru med stor nytteverdi for lokalsamfunnet og for landsdelen. Kommunalbanken ønskjer å vera det same, og gir norske kommunar dei aller beste lånevilkåra.

Hardangerbrua er finansiert av Kommunalbanken.



Ill.: Forum Arkitekter

## SITATET:

– Det handlar ikkje om å gjere Bergen om til ein nynorskby. Bergen er – og vil alltid vere – ein bokmålsby. Dersom Bergen vil styrkje posisjonen som Vestlandets hovudstad, slepp ein likevel ikkje unna den kulturelle arva som ligg i nynorskkrøsla- som motmakt, som politisk slagkraft, men også som kulturberar.

Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik i BT om nynorskbyen Bergen.

# Satsar på hardingfela



**HAR VYER:** Ann Kristin Kjerland er prosjektleiar for forprosjektet til det som kan bli eit nasjonalt hardingfelesenter.  
(Foto: Knut Markbus)

**Hardanger og Voss folkemuseum er i gang med forprosjektet til det som kan bli eit nasjonalt hardingfelesenter.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

– Dette blir ikkje først og fremst eit besøksenter for turistar, forklarar nyleg tilsett prosjektleiar Ann Kristin Kjerland.

Museet ønskjer i staden at fokuset skal vere på instrumentet, utøvarane og musikken. Det betyr i praksis å sjå på kva utøvarane, felemakarane og formidlarane treng for å bringe tradisjonar vidare og styrkje levekåra for framtida.

## UNIKT

Hardingfela er eit heilt særskilt instrument. Den fint dekorerte fela har fire overstrengar, som ein fiolin, men i tillegg har ho fleire understrengar, såkalla resonansstrengar. Den eldste bevarte hardingfela stammar truleg frå 1651 og vart laga av lensmann Ole Jonsen Jaastad i Ullensvang.

– Vi har vore flinke til å samle gamle gjenstandar og folke-minne, der var vi tidleg ute her i Noreg, seier Kjerland.

– Men den immaterielle kulturarven, samværsformer som spelning og dansing, har vi ikkje vore like medvitne om.

Unesco definerer i konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven frå 2003, som Noreg slutta seg til i 2007, oppgåva slik: Det å ta vare på dei kulturelle uttrykka som finst berre i det einskilde landet.

– Det er berre vi i heile verda som har hardingfeler, og felemakarane våre forvaltar ein 5-600 år lang tradisjon. Det er viktig å halde denne kompetansen levande, seier Kjerland.

## FINNE DET SOM TRENGST

Ann Kristin Kjerland tok til som prosjektleiar for forprosjektet 1. februar, og ho skal levere rapporten sin i februar 2013. Med seg på laget har ho ei fagleg styringsgruppe med folk frå Ole Bull-akademiet, Arne Bjørndal-samlinga, Hardanger spelemannslag, Hordaland fylkeskommune, Hardangerrådet og Hardanger og Voss folkemuseum. Dei tre siste har løyvd midlar til forprosjektet, og Hardangerrådet finansierte tidlegare søknaden til forprosjektet.

– Forprosjektet skal seie noko om kva senteret skal jobbe med, og korleis det skal finansierast. Jobben min no blir å greie ut behova på feltet, både hjå utøvarane og for kulturen, seier prosjektleiaren, som sjølv sagt håpar dette vil kunne ut i eit hovudprosjekt, eit nasjonalt hardingfelesenter. Kjerland er sjølv lokalisert hjå Hardanger og Voss museum si avdeling på Utne. Kvar eit eventuelt senter skal ligge, er eit av spørsmåla forprosjektet skal svara på.



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

## SPRÅKRÅD

### Det nynorske grunnfjellet

Det kom ei fin melding for oss nynorskingar i Sogn og Fjordane her om dagen: Fylket vårt er «det nynorske grunnfjellet». Det er direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum som seier dette, etter at han har laga ein rapport med språkfakta frå Sogn og Fjordane på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ikkje noka bombe, seier eg, som bur i Sogn og lever med mykje nynorsk rundt meg. Alle kommunane har nynorsk tenestemål, og 97 % av kyrkesokna brukar nynorsk liturgi. 14 000 elevar i grunnskulen har nynorsk, medan rundt rekna 384 har bokmål, og berre 10 % av elevane på vidaregåande byter til bokmål. På lands-plan er det 50 %.

Men det er sjølv sagt mørke skyer på språkhimmelen. Vågsøy, som er ein småby på kysten med driftige fiskeoppdrettarar, har 23 % bokmålslevar, mest halvparten av alle i fylket. Flora, den eldste byen, har òg over 100 bokmålslevar, 6-7 %. I vekstområda ser me sterkare innslag av bokmål, det gjeld òg i næringslivet i desse områda. Men Førde, fylkes-senteret, har berre 3 bokmålslevar. Det er eit oppsiktvekkjande tal.

Grepstad understrekar at situasjonen er så spesiell at Sogn og Fjordane fylkeskommune har «god grunn til å be om å vere representert og bli teken med på råd i viktige forum der nasjonal og regional politikk blir drøfta som kan få følgjer for språkleg praksis». Det er nemleg vedteke at det skal satsast spesielt på nynorsk nasjonalt. Fylkeskommunen, som har ansvar for nynorsk som ein del av strategien sin, skal drøfta situasjonen for nynorsk på tingseta i juni. Kulturutvalet har bedt om at fylkeskommunen tek leiinga i arbeidet med å få til eit nynorsk forum i fylket, og at det blir sett i gang eit arbeid med ein språkbruksplan for administrasjonen. Så får me sjå kor det går.

Det skjer mykje på dette området i fylket vårt no. Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått eit stort forskingsprosjekt på 11 millionar, der ein skal prøva å finna forklaring på kvifor elevane i Sogn og Fjordane gjer det så godt på nasjonale prøver og eksamenar. Det passar liksom ikkje med internasjonale undersøkingar om korleis elevar i utkantsrok greier seg i utdanningssamfunnet. Eitt av prosjekta går ut på å undersøka om det har noko å seia at elevane i Sogn og Fjordane er reelt tospråklege: Dei har nynorsk i skulen og er trygge på nynorsk i kvardagen sin. Samstundes møter dei bokmål på skjermen og fjernsynet og i avisene og på kiosken. Spørsmålet er om dette gjev elevane ein fordel, at dei blir meir fleksible, opnare for nye læringssjålar i skulen.

No får me lata forskarane studera på dette nokre år. Det hadde unekteleg vore kjekt om dei kunne slå fast at det er ein stor fordel å vera elev i Sogn og Fjordane, med det norske mindretalsmålet nynorsk som trygt grunnfjell.



# Meir nynorsk i NRK

**Men berre to kanalar brukte meir enn 25 prosent nynorsk i 2011.**

SVEIN OLAV B. LANGÅKER  
bladstova@ink.no

NRK har brukt meir nynorsk i alle kanalar utanom P3. Det syner årsrapporten for 2011, som er tilgjengeleg på Nrk.no. Den største framgangen står barnekanalen NRK Super for. Han har auka nynorskbruken frå 9,2 til 18 prosent.

– Dette er svært gledeleg, og Kringkastingsringen vil gjerne gratulera NRK Super med ein fantastisk prestasjon. Det er eit godt døme på at redaksjonen har arbeidd målretta for å sikra at nynorsk og dialekt er til stades på heile sendeflata, frå dubba animasjonsfilmar via programleiarar i Barne-TV til store kvalitetsseriar som Vaffelhjarte, seier styreleiar Martin Toft i Kringkastingsringen.

Statistikken frå Ipsos MMI viser vidare at folkekanalen P1 og NRK2 har meir enn det pålagte kravet om 25 prosent.

– Dette er flotte tal og viser at det er fullt mogleg å nå målet om 25 prosent nynorsk når det blir arbeidd hardt og strategisk for å få det til, understrekar Toft.



**LITE NYNORSK:** Frå Vaffelhjarte. Lena (spela av Dagni Myrene) og Trille (spela av Simon Voldsund) saman med farfar. (Foto: NRK)

## – SJÅ TIL NRK SUPER

Han meiner det er grunn til å tru at den gode dialogen Kringkastingsringen, Noregs Mållag og Norsk Målungdom har med NRK-leinga og med NRK Super, har spelt ei rolle for at nynorskbruken aukar i statskanalen.

– For dei delane av NRK som framleis seier at det ikkje nyttar å auka nynorsk-delen meir, seier me: Sjå til NRK Super. Me gratulerer både NRK og NRK Super med eit glimrande resultat og ser fram til å halda fram med dei gode samtalane med toppleringa, seier styreleiar Martin Toft i Kringkastingsringen.

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, norske dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles.

startside /

Klikk deg  
til meir  
nynorsk!

www.startside.no



**PÅ PRØVE:** Til no er det helst småbarnsfamiliar som viser interesse for å prøvebu nokre månader i Øyffjell. (Foto: Øyffjell utvikling)

## Prøvebur bygda

**Har du nokon gong tenkt at det kunne ha vore greitt å prøve å bu ein plass før du bestemmer deg for å flytte dit? I Vinje kan du det.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

I bygda Øyffjell i Vinje i Vest-Telemark kan du nemleg leige deg inn i ein bustad i byggefeltet for nokre månader eller år for å sjå om du likar deg nok til å bli buande. Første prøveleigetakar er på plass og har budd i huset ei stund.

– Vi var heldige og fekk ein familie på seks som leigetakarar allereie då huset stod ferdig, og dei har framleis eit drygt år av leigetida før dei har budd der i 3 år, som er maksimaltida, fortel bygdeutviklar Emilie Asplin til LNK-avisa. Å seie noko om kven som er den typiske prøveleigetakaren ut frå dette, er gjerne litt vanskeleg, men Asplin seier det til no har vore småbarnsfamiliar med eit ønske om å flytte ut av byen som har vist størst interesse for prosjektet.

### VAR HELDIGE

Ideen bak prøvebustaden i Øyffjell kom opp i samband med bygdeutviklingsprosjektet Øyffjell City, som varte frå 2006 til 2009, og som hadde som føremål å

få mange fleire til å flytte til bygda. Eit av tiltaka i Øyffjell City var å regulere eit byggefelt med rimelege tomter, då det mest ikkje fanst bustader til leige eller sals i bygda. Og dermed kom ideen om ein prøvebustad opp. Tilfellet ville det slik at tre anerkjende arkitektur samstundes var på jakt etter hustomter i Vest-Telemark kor dei kunne utvikle ein ny hustype, eit moderne landsens hus, tufta på tradisjonar. Og slik gjekk det til at tre bustadar, eller «peplekassar» som dei også vert kalla, vart reiste og stod klare i 2010. Husa er ikkje så svært store og ligg i ei lita rekkje som skapar eit bummiljø ute i naturen. I eitt av desse skal ein altså kunne bu i inntil tre år medan ein ser om ein trivast nok til å bli buande, og medan ein eventuelt byggjer seg sitt eige hus. Dei andre to er selde til to familiar, så prøvebustaden kjem med eit fiks ferdig nabolag også.

Asplin veit ikkje enno om dei som prøvebur i Øyffjell, kjem til å slå seg til der, men håpet er der.

– Vi trur og håpar at dei snusar på ei tomt i området her, anten i Øyffjell eller i nærleiken, seier bygdeutviklar, som òg

kan fortelje at ytterlegare to familiar står på venteliste til prøvebustadane.

### FOLKEVEKST

Øyffjell City ser ut til å ha gjort bygda godt, i alle fall viss ein ser på folketallet.

– Ja, vi er inne i ein svært god periode i Øyffjell no, med masse liv og folketalsvekst. Det måtte byggjast ny barnehage på grunn av stor pågang av barn, og vi veit om mange som har flytta og skal flytte heim att, seier Emilie Asplin. Prognosane for elevtalet i skulen har dobla seg på ca. 5 år, frå 20 til 40. I dag er det 34 elevar ved skulen, og det vil auke på, trur ho.

– Vi i Øyffjell Utvikling er stornogde med den positive utviklinga, og vi er visse på at mykje av det initiativet og dei aktivitetane som vart sette i gong gjennom Øyffjell City-prosjektet, har spela ei viktig rolle for folketilveksten. Vi har tru på at slike mobiliseringsprosjekt kan setje i gang mange hjul og gje synergieffekt!

### PRØVEBUSTAD ØYFFJELL

Ein prøvebustad med om lag 180 m<sup>2</sup> bruksareal er bygd i Øyffjell i Vinje.

Bustaden er teikna av arkitektane Sverre Sundresen, Dagur Eggertsson og Sami Rintala.

Prosjektet er finansiert gjennom Husbanken, Landbruks- og mat-

departementet og Vinje kommune

Du kan leige ein prøvebustad i inntil tre år for å sjå om du trivst godt nok i Vinje til å flytte dit. Det kostar 7000 kroner i månaden i leige.

Tilsvarande prøveprosjekt blir no vurderte i Seljord, Kviteseid og Hjartdal.

Sunnhordland  
MEDIETILBYR

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar  
i ditt  
nærområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

**EKSTRA!**  
PROFILERING  
PÅ FRAMSIDA  
sunnhordland.no

17.500\*  
unike brukarar  
169.000\*  
sidevisingar

\* I snitt pr. veke

sunnhordland.no

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på **klp.no** og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

KLP

for dagane som kjem

**Rolv Kristen Øygard (Sp)** er ordførar i Skjåk kommune.

Kommunestyret i Skjåk har 20 representantar: Senterpartiet har 10, Arbeidarpartiet har 7 og Bygde- lista i Skjåk har 3.

Skjåk kommune ligg i Oppland og er den vestlegaste kommunen i Ottadalen. Skjåk er ein av 12 kommunar som utgjer Gudbrandsdalen. Skjåk, Vågå og Lom er dei einaste nynorskkommunane i regionen.

Kommunen grensar til Lom og Lesja i Oppland, til Rauma, Norddal og Stranda i Møre og Romsdal og til Stryn og Luster i Sogn og Fjordane.

Skjåk kommune hadde per 1. januar i år 2317 innbyggjarar. Kommunesenteret i Skjåk er Bismo.

Landbruk og industri er hovudnæringane i kommunen, og nær ein tredel av dei sysselsette arbeider innan industri og bygg og anlegg. Mellom dei største arbeidsplassane er Bismo Industrier, Skjåk Møbler, Interfil, Glasitt og Skjåk Almønning. Skjåk Almønning er den største allmenningen i Noreg og omfattar over 95 prosent av arealet i Skjåk. Kommunen har eit areal på 2079 km<sup>2</sup>, nesten like stort som Vestfold fylke. 79 prosent av arealet er verna.

Kommunen ligg mellom fleire fjell og hamnar såleis i ein slags regnskugge. Det gjer at Skjåkbygda har minst nedbør i landet.


**Ordføraren om:**

**Folketalet:**

Vi har hatt positiv folketalsvekst dei to siste åra, etter år med større nedgang. Innvandring til kommunen har bidrege til vekst, men vi har nok greidd å gå i pluss sjølvle og så.

**Språk:**

Eg opplever at nynorsken er litt på veg ut, og ser at ungdommen lett går over til bokmål etter vidaregåande skule. Internt i kommunen blir det også brukt mykje bokmål, sjølv om vi brukar nynorsk i den utoverretta kommunikasjonen. Vi burde vere meir medvitne om kva for internt språk vi skal bruke. Mange brukar nok bokmål fordi det er det dei er vane med frå andre plassar. Men eg trur nynorsken ville falle lettare viss ein brukte språket mykje.



**GÅR NYE VEGAR:** Skjåk ligg øst i Ottadalen, øst i Oppland. Tradisjonelt har skjåkveringane orientert seg sørover i regionen. Men med nye og utbetra vegar vest over Strynefjellet er det naturleg å sjå den vegen når det gjeld næringsutvikling og kompetansebeving, seier ordførar Rolv K. Øygard (Sp). (Illustrasjon: Gerhard Stoltz, Norsk Plan)

## Vender blikket vestover

**Trass i den naturlege tilhørsla Skjåk har til Ottadalen og Nord-Gudbrandsdalen, vender kommunen seg no meir vestover.**

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no



Ordførar i Skjåk kommune, Rolv Kristen Øygard. Foto: Senterpartiet.

– Vestafør har dei vore vane med å sjå mot aust, medan vi har orientert oss sørover. Men no skjer det ting på Vestlandet, spesielt i høve vegutbygging, som gjer det stadig meir naturleg for skjåkveringane å sjå vestover når det gjeld næring og næringsutvikling, seier ordførar Rolv Kristen Øygard (Sp) i Skjåk. Han siktar då til utbetringa av rv. 15 som koplar denne saman med den komande E39-Kvivsvegen på Vestlandet, og oppgraderinga av E6 gjennom Gudbrandsdalen. Til saman vil desse vegane gjere ferdsel mellom aust og vest via rv. 15 Skjåk–Stryn mykje meir effektiv, og det vil igjen opne for utveksling av kompetanse og arbeidskraft, og næringsutvikling.

**TRENG KOMPETANSE**

– Bedriftene våre treng til dømes å styrkje kompetansen innan verksemdstyring, seier ordføraren. – No ser vi at vi til dømes kjem nærmare Høgskulen i Ørsta Volda, og det kan vi tene på. Ei utviklingsanalyse for Skjåk frå 2010 viser at kommunen har låg arbeidsløyse, men òg litt lågare utdanningsnivå enn landsgjennomsnittet. Det blir også peikt på at Skjåk ligg langt frå vekstsentra i regionen, og at den geografiske plasseringa til kommunen har sine utfordringar. – Vi bur i utkanten av regionen og Oppland fylke, med dei utfordringane det medfører. Men vi er også naboar til vekstområde i vest, slår ordføraren fast.

**FORVENTAR VEKST**

– Vi merkar no at det skjer ting til dømes innan reiselivsnæringa, som har byrja å vende blikket meir vestover. Skjåk har ikkje vore særskilt store på reiseliv så langt, men i denne næringa bør ein no forvente vekst, meiner ordføraren. Aust-vest-aksen Skjåk, Stryn og Geiranger kan tilby både fjord og fjell innfor ei relativt kort reisetid og er dome på geografiske samankoplingar med utnytingspotensiale.

I første rekkje ser han på innhenting av kompetanse og samarbeid på tvers av kommunegrensar som den mest sannsynlege gevinsten ved å tilnærme seg naboane i vest. Men det er også all grunn til å tru på vekst i etablerte bedrifter og nye etableringar. Øygard trur arbeidsutvekslinga sørover vil halde fram som no, med Ottadalen som eitt arbeidsområde. Det blir for langt å daggpendle vestover.

**SJUKEHUSSATSING**

Samstundes som næringsutviklinga skal få gå sin gang med nye naboar, er det mange område kommunane i Nord-Gudbrandsdalen finn det naturleg å samarbeide om. Eit av dei nyaste samarbeidsprosjekta er Nord-Gudbrandsdal medisinske senter, som opna i 2011. Her får innbyggjarane i dei seks kommunane Skjåk, Lom, Dovre, Lesja, Vågå og Sel stetta ein del av dei medisinske behova sine. Senteret kan mellom anna tilby interkommunal jordmorte-neste, psykiatrisk poliklinikk, røntgen og spesialisttenester innan ortopedi, gynekologi og revmatologi. Sjølvle senteret er plassert i Otta i Sel, om lag 8 mil frå kommunesenteret Bismo. – Her får innbyggjarane våre løyst oppgaver som ein elles måtte ha reist til sjukehus i Gjøvik eller Lillehammer for å ordne, seier ordføraren. Det er Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen og Sykehuset Innlandet SF som har ansvaret for Nord-Gudbrandsdalen medisinske senter.

**IKKJE SAMANSLÅING**

Med eit utstrekt samarbeid på kryss og tvers av regionar og kommunar meiner Rolv Kristen Øygard mykje av kommunekabalen er løyst. Kommunesamanslåing er ikkje eit tema i kommunen per i dag, seier han. – Det har vore eit sterkt press frå Lom om å få til samanslåing, men det har roa seg ned. Eg meiner det er viktig å utarbeide og halde på gode samarbeidsrelasjonar i staden.

**SITATET:**

– Det er rett og slett desinformasjon å melde om «særleg stor elgfare på Strynefjellet mellom Bismo og Pollfoss».

Ola Lyngved er ikkje fornøgd med namnet Strynefjellet og krev namneending til «rv. 15 Skjåk - Stryn». (Kjelde: Fjuken)



**BRANNBLOGG:** I Skjåk når brannvesenet innbyggjarane med informasjon via bloggen Lom og Skjåk Brannvesen. (Foto: Lom og Skjåk brannvesen)

## Brenn for blogg

**Kva reglar gjeld eigentleg for bålbreining i desse dagar? Det veit du viss du har lese bloggen til brannvesenet i Skjåk og Lom.**

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

– Nett no er det mange ting vi skal informere innbyggjarane om, fortel branninspektør og bloggansvarleg Unni Merete Lund. Det er sesong for grilling og bålbreining, og då er det viktig å informere om kva lovar og reglar som gjeld til ei kvar tid. Brannvesenet sin blogg blir derfor oppdatert noko hyppigare no i denne sesongen enn andre tider på året. – Det er litt sesongavhengig, ja. Vi bloggar først og fremst om førebyggjande tiltak som vi meiner er viktige.

– Og så kan du lese litt om oss sjølv på bloggen, seier Lund, som er den som fører pennen, eller tastaturet, i brannvesenet.

**BETRE ENN HEIMESIDA**

Brannbloggen har vore i drift i litt over eitt år, og han kom til fordi ein såg at den kommunale heimesida ikkje nødvendigvis var den beste kanalen for informasjon og publikumskontakt.

– Det var vanskeleg for oss å nå gjennom på Skjåk kommune si heimeside, og

vi hadde heller ikkje tilgang til ho slik at vi kunne oppdatere ho slik vi ønskte. Derfor starta vi heller med eigen blogg, som ein sjølv sagt kan finne lenkje til på Skjåk kommune sine sider, seier Lund.

Ho vil ikkje påstå at bloggen har svært mange lesarar enno, og ser svært gjerne at mange fleire finn vegen til bloggen Lom og Skjåk Brannvesen.

– Bloggen er ein fin måte å få fram budskapet vår på, og vi kan nå mange på ein enkel og rask måte.

**BLIR LESNE**

Skjåk kommune har fleire bloggar i sving. På hovudbloggen, Sjak kommune, kan ein orientere seg om alt som skjer i Skjåk, medan Aktiv i Skjåk har fokus på tilbod innan sport, idrett og friluftsliv.

Inga Gudrun Hyrve ved sørvistorget har ansvaret for bloggen til Skjåk kommune, og ho seier bloggginga handlar om å spreie informasjonen i fleire, høvelege kanalar.

– Vi ønske å reinske den kommunale heimesida til Skjåk slik at ho no berre inneheld reint kommunal info som møteplanar, lovverk, saker som er til høyring, og slike ting. Oppdatert informasjon om arrangement og tiltak som er i så vel kommunal som privat regi, blir gjeven via bloggane og på Facebook. Hyrve legg ut saker på bloggen ein til to gonger i veka, og ho høyrer at sakene blir lesne.

– Eg får gjerne kommentarar frå folk eg kjenner i Oslo, som påpeiker at det skjer så mykje i Skjåk. Det har dei sett på Facebook, kor vi legg ut stoff frå bloggen vår. Ho ser også av besøkstala at sakene ho legg ut, blir lesne. Sjølv om det er tidkrevjande å drive blogg, er ho heilt klar på at det er verdt arbeidet.

– Det er viktig å setje av godt med tid til dette arbeidet, seier ho.

**TRENG TID**

Det er Hyrve som har ansvaret for å publisere saker på bloggen, men ho er heilt avhengig av å få inn saker frå andre. Det kan vere tilsette på andre tenestområde som kjem med saker dei vil informere om, og det kan vere lag og organisasjonar som ønskjer å formidle ting til aktivitetskalenderen.

– Eg sit ikkje og skriv all sjølv, nei, men eg har ansvaret for redigering og publisering.

Hyrve hadde gjerne sett at endå fleire bidrog. Særleg ser aktivitetskalenderen ut til å vere godt lesestoff, og mange kjem og spør om ho vil leggje ut arrangementet deira, eller spør kvifor det ikkje er gjort.

– Eg må helst leite det opp sjølv og trålar ofte lokalavisa for å finne ting å leggje ut i kalenderen. Men eg vil gjerne ha meir tilsendt, oppmodar ho.

For ordens skuld: Open eld er forbode i utmark mellom 15. april og 15. september.



**LNK KORTET 2011-2013**

Best Western **HOTELL HORDAHEIMEN**

Best Western **HOTELL BONDEHEIMEN**

Best Western **HOTELL BONDEHEIMEN**

**det norske teatret**

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

**startside** /  
www.startside.no

**Klikk deg til meir nynorsk!**

Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:  
www.framtida.no/tags/framtida

# Rekordstor grunneigar

Skjåk Almenning er Noregs største private grunneigar. Allmenningen eig 95 prosent av arealet i Skjåk kommune. Det gjer ikkje forvaltinga enklare at 79 prosent av arealet også er verna.

MAGNAR RIVELAND  
bladstova@lnk.no

Den store eigedomen på to millionar dekar kom i bygdefolket sitt eige i 1798. Nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen og naturreservatet Honnsrøve ligg dels inne i allmenningen. Det gjer at det er grenser for kor mykje verksemd som kan drivast i allmenningen, men allmenningssstyrar Jo Trygve Lyngved fortel om ei allsidig verksemd, med ringverknader for heile bygda.

– Sjølv allmenningen omsette for 14 millionar kroner i 2011. Skjåk Almenning eig i tillegg sagbruket Skjåk Trelast, som omsette for 13,5 millionar, seier Lyngved.

## ALLSIDIG VERKSEMD

Inntektene kjem mellom anna frå skogbruk, festeinntekter både frå hytte- og industritromter, hytteutleige og sal av jakt- og fiskekort.

– Skjåk Almenning tek ut 9500 kubikk med skog i året. Vi har bygslingsleige frå snau 500 hytter, inklusiv buer på fjellet. Det er også råd å leige slike fjellbuer i samband med jakt og fiske. Fleire av buene



Landets største: Jo Trygve Lyngved styrer landets største private eigedom. To millionar dekar med skog, bøgjøll og brear er i Skjåk Almenning sitt eige. (Foto: Skjåk Almenning)

ligg idyllisk til ved fiskevatn og er utstyrte med båt og garn, fortel Jo Trygve Lyngved. – No for tida driv vi og utviklar Billingen hyttegard, eit fint og solrikt felt med 33

tomter. Det spesielle hjå oss er at sal av tomter er uaktuelt. Bygdeallmenningen har ikkje høve til å avhende eigedom, seier han.

Skjåk Almenning rår over eit stort villreinområde, der det årlig vert felt om lag 400 dyr. Jaktområda omfattar også 50–55 løyve for felling av elg og hjort, pluss jakt på småvilt.

– Vi er seks tilsette i administrasjon og skogsarbeid-/tilsyn i Skjåk Almenning. Du kan trygt seie at vi har varierte arbeidsoppgåver, slår Lyngved fast.

## TO GRUPPER MED BØNDER

Den svære eigedomen som bygdeallmenningen i dag rår over, var tidlegare Kongen i København sin. Men kongen trengte pengar, og eigedomen skifta eigar fleire gonger til bygdefolket sjølv kom på bana ein dag for 214 år sidan.

– Bøndene i Skjåk slo seg saman og kjøpte eigedomen tilbake på ein auksjon i Ringebu. Eigardelane vart fordelte etter gardsskuldare rekna i hud og skinn. Slik er det framleis, både når ein reknar eigardelar og fordelar utbyttet. I tillegg til dei bøndene som har eigarrettar, er det også bønder som har bruksrettar som støls-, beite-, jakt- og fiskerettar og i tillegg ein virkesrett i skogen, men ingen eigarrett eller krav om økonomisk utbytte, fortel allmenningssstyrar Jo Trygve Lyngved.

Opp gjennom åra har det vore nokre rundar med konfrontasjonar mellom dei to gruppene som rår over allmenningen, men Lyngved meiner at i dag er linjene klare og konfliktnivået lågt.

– Det er eit allmektig styre som har kontrollen saman med oss i administrasjonen, og det er viktig at allmenningen blir styrd godt. Ringverknadane for bygda er store. Allmenningen og verksemdene genererer inntekter, men ser også til at alle med bruksrettar til dømes får rabatt på trevirke om dei skal bygge ein driftsbygning, seier han.

## HELLER LOKALT

Dei store verneområda legg til dels band på kva grunneigaren kan skape av verksemd. Tilrettelegging for turisme i fjellområda er eit døme på kva som er vanskeleg å få til.


– Det er overnatting og servering som skapar inntekter, men det er ikkje råd å bygge opp slik turisme i verneområda. Skjåk kommune og Østlandsforskning har sett i gang eit forskingsprosjekt der me ser nærare på forholdet mellom vern og reiseliv og turisme, seier Tor Taraldsrud, som har ansvar for natur- og miljø saker i Skjåk kommune.

Dei to nasjonalparkane Breheimen og Reinheimen har ulik forvaltingspraksis. Reinheimen har lokal forvaltning – delegert ned til kommunane. Breheimen har eit eige styre der kommunane er representerte. Uansett regime skal det meste gjennom nålauga hjå fylkesmann og direktorat før det er endeleg vedteke.

Jo Trygve Lyngved hadde gjerne sett at det meste av avgjerdar vart tekne på lokalt nivå.

– Skjåk Almenning har kontor saman med dei lokale forvaltarane og oppsynsmennene. Det skapar eit godt fagmiljø. Men altfor mykje vert avgjort på eit høgare nivå. Føremona er at det blir lik praksis over kommune- og fylkesgrenser. Ulempa er at avgjerdene stundom er uforståelige for dei som vert råka. I vinter har til dømes stormen Dagmar øydela 40 000–50 000 kubikk skog. Grunneigaren vil hente ut det som ikkje er innanfor verneområdet. Fylkesmannen seier nei. Det er vanskeleg for folk å skjønne, seier han.

– Det er eit paradoks at bygdeallmenningen har forvalta desse områda så godt gjennom 200 år at det må løftast ut av hendene deira. Det hadde ikkje vore nokon nasjonalpark utan den gode forvaltinga Skjåk Almenning har stått for, meiner Jo Trygve Lyngved.



JUBILERER: Jan Magnus Bruheim (1914–88) var frå Skjåk. Han var ein av dei viktigaste lyrikarane i etterkrigstida og skreiv også ei rekke prislonne barnebøker. (Foto: Åsmund Bertelsen)

# Feirar lyrikaren Bruheim

I 2014 er det hundre år sidan Jan-Magnus Bruheim vart fødd. Det skal markerast.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

– Jan-Magnus Bruheim er ein meir omtykt lyrikar i folkedjupet enn mange trur i dag. Med denne markeringa

ønsker vi å få han fram att i medvidet til folk, hjå dei som kjenner han frå før, men og hjå dei som ikkje har noko forhold til han, seier Magni Øvrebotten. Ho sit i ei arbeidsgruppe oppnemnd av kommunestyret i Skjåk, som har til oppgåve å finne høvelege måtar å markere 100-årsdagen på. Nett no er arbeidsgruppa i ein fase kor ideane får myldre, samstundes som ein ser seg om etter finansiering. Noko har dei likevel landa på, og det er i alle fall klart at tekstane til Bruheim må hentast fram i dagslyset att.

## NYE DIKT OG TONAR

– Vi jobbar med å få til ei ny diktbok i utval-utgjeving. Vi tar utgangspunkt i den samlinga som kom ut medan han levde, men tenker oss å ta ut ein del dikt og setje inn nye som ikkje er publiserte før. Han arbeidde med ei diktsamling som han ikkje fekk gjort ferdig før han døyde, forklarar Øvrebotten.

Det finst også eit etterlate barnebokmanus som ein vil få illustrert og gjeve ut i bokform. Vidare ser gruppa for seg å gje ut ei artikkelsamling som skal setje lys på Bruheim og forfattarskapen hans. Øvrebotten skal sjølv vere redaktør for artikkelsamlinga.

– Vi håpar også å få tonesett nokre av dikta hans. Vi har vore i kontakt med musikaren Sigrild Moldestad, og

## LENGTEN

Bruheim-jubileet vil sjølv sagt bli markert i Skjåk, men det er òg snakk om arrangement ved Det Norske Teatret i Oslo og i Botnane i Bremanger, der Bruheim levde i sju år og hadde ein svært produktiv fase i livet.

– Han hadde lenge lengta til havet, og i Botnane fekk han det rett i fjeset, seier Øvrebotten, som sjølv er frå denne bygda og var den som ordna med at Jan-Magnus Bruheim fekk bu i skulehuset der.

– Heime snakkar dei framleis med glede om dei åra dei hadde «Bruheimen» som bygdemann. Han var respektert og velsedd, og eg trur det medverka til at han skreiv mykje dei åra, seier Øvrebotten.

## LAG MED DEI SMÅ

Jan Magnus Bruheim var ein viktig lyrikar i etterkrigstida, og Øvrebotten meiner han har fått ufortent liten plass i litteraturhistoria. Han var ein stillfarande mann og blir ofte sedd på som ein vemodsdiktar. Men han var så mykje meir, og det må vi få fram, seier Øvrebotten. Bruheim reiste mykje og stod godt planta i folkeopplýsingstradisjonen.

– Jan Magnus var både drøymar og realist, freds- og naturaktiv. Han hadde eit uvanleg godt lag med ungar og skreiv mykje for dei. Barneidkita hans har ofte doble botnar, dei er både for ungar og vaksne, seier Magni Øvrebotten. Barneboka *Den kvite hjorten*, som kom sist på 1970-talet, handlar om mobbing. Det var før mobbing var sett skikkeleg på dagsorden, og for nokre år sidan gjorde gruppa Tindra og skodespelaren Helge Jordal suksess med eit teaterstykkje bygt på den boka.

## MANGE PRISAR

Jan Magnus Bruheim debuterte med diktsamlinga *Stengt dør* i 1941 og gav ut totalt 20 diktsamlingar, 2 hørespel og 19 bøker, 12 av dei for barn. Bruheim fekk Kultur- og kyrkjedepartementet sin litteraturpris for barne- og ungdomslitteratur heile sju gonger, og i tillegg biletbokprisen ein gong. Bruheim fekk også Nynorsk barnelitteraturpris to gonger, aleine i 1969 og saman med Albert Olafsson i 1972. Jan Magnus Bruheim vart fødd i Skjåk i 1914 og var store delar av sitt vaksne liv knytt til skuleverket, både som lærar/føredragshaldar og som forfattar. I perioden 1978 til 1985 budde han i Botnane i Bremanger kommune, men vende så tilbake til Skjåk i 1985. Bruheim døyde i 1988, 74 år gammal.



Terje Lyngstad  
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

## TEATER

### Kreativt tullball

Det siste tiåret har vi som arbeider med kunst og kultur – særleg på konferansar med tettstadutvikling som tema – blitt tuta øyra fulle med at vi tilhøyrer den kreative klassen, ei gruppe som i følgje forskaren Richard Florida er nøkkelen til økonomisk vekst. Den kreative klassen utgjer i følgje Florida 30 % av folket og er først og fremst kunstnarar, supplert med ei brokete samling av it-folk, teknologar, mediefolk, arkitektur, lærarar, forskarar, leiarar, finansfolk, juristar og legar.

Eg har arbeidd med kunst som kjerneverksemd i over ti år, men har enno til gode å sjå på meg sjølv som ein frontsoldat i innovasjonen si teneste. Dei eg har rundt meg, ser neppe slik på meg heller. Eg trur faktisk ikkje at det finst nokon i vårt vesle fylke som ser på meg eller dei som arbeider ved Sogn og Fjordane Teater (SoFT), som nøkkelen til korleis framtida skal utvikle seg her. Om eg skal vere heilt ærlig, er det truleg fleire enn eg orkar å tenkje på, som snarare meiner at vi høyrer fortida til. Kva er det som ikkje stemmer her? Er det kartet til Florida, eller er det terrenget til SoFT?

La oss sjå på terrenget først. Det finst kunstnarar utanfor dei store byane, men dei er få, og arbeidsvilkåra er ikkje mykje å skryte av, sjølv om dei sikkert har blitt betre dei siste tretti åra. Dei som finst, arbeider innanfor institusjonar som SoFT, med ordna arbeidsvilkår som tariffesta løn og ei arbeidstid det går an å leve med. Eg skulle gjerne sagt at vi som hevar løn ved SoFT, tilhøyrer den kreative klassen, men eg slitt med å tru heilt på det. Organisasjonsstrukturen til teatret er av den mest konserverande og konservative typen som finst. Teatersjefen er framleis eineveldig herskar på toppen av hierarkiet. Flat struktur er eit temmeleg ukjent omgrep. Innføring av ny teknologi går seint. SoFT var ikkje blant dei første som fekk heimeside på Internettet, for å seie det forsiktig. Elektronisk billettsystem vart innført først i år. Synspunktet om at alle tilsette er like viktige, sit langt inne. Særleg hos kunstnaren, som meiner ho er viktigast, og dinst hos teknikaren, som, sidan ho ikkje er viktigast, meiner at ho i alle fall er nest viktigast og difor viktigare enn han som sit i resepsjonen, som er minst viktig. Gamaldags altså, svært gamaldags.

På den andre sida kan vi jo glimte til, vi som arbeider med teater, òg. Det hender tiitt og ofte at publikum fortel at dei har fått opplevingar som rører, og som gir dei nye perspektiv i livet. Sjølv om opplevingane ikkje fører til økonomisk vekst, er det kanskje i desse stundene at teatret bidreg til å utvikle verdier og kreative tankar og idear som skubbar verda eit lite stykke i rett retning.

Kva så med kartet? I følgje Florida er det fire fenomen ved den kreative klassen som er avgjerande for om det skal vere grunnlag for økonomisk vekst. Dess fleire personar innanfor kvart fenomen, dess betre. Dei fire fenomenene er talet på kunstnarar, talet på personar med ulik kulturbakgrunn, talet på homofile og lesbiske og talet på menneske som bur i bykjernen.

I Sogn og Fjordane finst det så få kunstnarar, folk med annan kulturbakgrunn, homsar, lesbiske og byar at dei, sjølv om du legg alle saman i hop, berre kan teljast i promillar. Slik er det overalt utanfor Oslo. Likevel blir Florida trekt fram kvar gong det skal drøftast kva som kan skape vekst og utvikling i distrikta. Ver så snill, alle de som vil bidra kreativt til vekst og utvikling i Utkant-Noreg, ikkje kom dragande med Richard Florida ein gong til. Han høyrer heime i New York, ikkje i Førde.

- for deg som meiner noko

# MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!

# Det nynorske grunnfjellet

**Det mest påfallande med språkutviklinga i Sogn og Fjordane er at bruken av nynorsk står så sterkt samanlikna med resten av landet, meiner Ottar Grepstad.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er rapporten Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012 som viser at nynorsken har ein stadig posisjon i fylket. Det er første gongen ein så omfattande dokumentasjon er laga for eitt fylke. Mellom anna fortel rapporten at halvparten av nynorskbrukarane på landsplan går over til bokmål før dei avsluttar vidaregåande skule, medan talet i Sogn og Fjordane er 10 prosent.

## BØR INSPIRERE

Rapporten viser også at det er skilnader mellom indre og ytre strøk, og at det som har vore stabilt til no, kan kome til å endre seg. Nynorsk kultursentrum har laga rapporten på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. I juni skal fylkestinget drøfte politikk for nynorsk i fylket.

– Denne rapporten er eit verdfullt dokument som bør inspirere dei styrande i Sogn og Fjordane, og som gjev nasjonale styresmakter innspel i til dømes utdanningspolitikken, uttalte styreleiar Reidar Sandal då rapporten vart lagd fram

## NASJONAL POSISJON

Direktør ved Nynorsk Kultursentrum, Ottar Grepstad, legg i tillegg vekt på at fylket bør ha ein nasjonal posisjon i språkpolitikken.

– Sogn og Fjordane har ein så særmerkt språkleg posisjon at fylkeskommunen har god grunn til å be om å vere representert og bli teken med på råd i viktige forum der nasjonal og regional politikk blir drøfta som kan få følgjer for språkleg praksis, skriv han i rapporten.

# Festspel med song

**Song blir tema på Dei nynorske festspela, som fyller 20 år dette året.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no



**SONGLYRIKK:** Arne Moslåtten i Hellbillies er festspeldiktar. (Foto: Hellbillies)

Det blir mellom anna lynkurs i songskrivning, samtalar om litteraturen i songtekstane, foredrag om Aasen-songane og konsertar med songar frå minst tre hundreår. I tillegg skal det merkast godt at Arne Moslåtten er festspeldiktar dette året.

– Med Moslåtten som festspeldiktar gjev vi songlyrikken den plassen denne dikte- og brukskunsten fortener i norsk litteratur, seier programansvarleg Åshild Widerøe. Moslåtten er tekstforfattar og musikal i Hellbillies, og den svært populære gruppa held stor opningskonsert, utandørs i Vikeparken i Ørsta sentrum.

Tunkatten Lurivar får dessutan heilt nye songar i nettsongboka si, med tekstar av Jon Fosse og musikk av Gabriel Fliflet. Under festspela blir det urframføring av songane, og denne er det Fliflet og Benedicte Maurseth som står for.

60-årsjubilar Ragnar Hovland skal også i elden, i samtale med kulturredaktør Jan

H. Landro. Det blir ein time med samtale heilt blotta for ironi, spår programmet. Det blir også utdeling av prisen Årets nynorskbrukar, som i år går til Ingvild Bryn og Arill Riise.

Dei nynorske festspela er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen og blir arrangerte i Ørsta og Volda frå torsdag 28. juni til søndag 1. juli.

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på [klp.no](http://klp.no) og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

**KLP**  
for dagane som kjem

Lølandsenteret:

# – Vil ta tid

**– Festen er over, no byrjar kvardagen, seier Kjersti Moe, som er tilsett i Ryfylkemuseet i Suldal med særskilt ansvar for å utvikle Lølandsenteret.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Eg har fått kommentarar og spørsmål frå folk som seier: «Er det den nye Marny som kjem?» Dette kjennest litt ubehageleg, synest eg. Marny (Skeie Henkel, red.merk.) har gjort ein kjempjobb som leiar for Løland-markeringa. Men folk må også vere klar over at no er festen over, no startar kvardagen. Me har per dags dato ikkje eit senter, og me har heller ikkje dei økonomiske rammene som Løland-jubileet har hatt, seier Moe.

– Eg veit at mange gjerne hadde sett at det nå kom ei leiande stilling til Lølandsenteret med eit tydelegare fokus på eit nasjonalt barnekultursenter.

Men her må eg altså halde meg til dei retningslinjene som me har fått frå departementet, og til det styret og den leiinga som me har ved Ryfylkemuseet. Eg håpar at eg kan ha eit like stort engasjement og entusiasme for å utvikle barne- og ungdomskulturen som det Marny har hatt.

## NASJONALE VISJONAR

I slutten av april vart Løland-markeringa, som byrja i 2007, avslutta med høgtidleg markering på Det Norske Teatret i Oslo. No skal arbeidet med å styrkje nynorsk barne- og ungdomslitteratur først vidare av Ryfylkemuseet og Kjersti Moe. Målet er å etablere eit nasjonalt senter i Suldal.

– I tillegg er det sett ned eit nasjonalt råd som skal hjelpe og støtte oss i arbeidet med å realisere eit slikt senter. Per dags dato er det likevel uvisst om der er midlar til å drive dette rådet. Likevel meiner eg at det er viktig å ha mål og ambisjonar å jobbe mot. Eg håpar at me på sikt kan få realisert eit senter og eit nettverk som jobbar aktivt for å styrkje nynorsk barnekultur og litteratur, også på eit nasjonalt nivå.



Kjersti Moe har fått ansvaret for å få Lølandsenteret på fote. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

– Men me må altså vere realistiske og seie at me ikkje er der i dag. Eg er likevel utruleg glad for at det nettopp er Ryfylkemuseet som har fått i «oppdrag» å bringe Løland sine tankar vidare. Dei har vist at gjennom nøkternt og grundig arbeid, ved å leggja stein på stein, at dei har lukkast med store prosjekt tidlegare, slår Moe fast.

## BØR SAMARBEIDE

Ho viser også til at dei ikkje var først ute med ideen om eit nasjonalt senter for barnekultur, men at eit framtidig Lølandsenter bør samarbeide med desse institusjonane.

Mange av desse har drive på i mange år og har gjort og gjer mykje bra arbeid. Ikkje alle desse har vore involverte i Løland-markeringa eller har vore nemnde som ressursenter overfor senteret tidlegare. Eg ser det som naturleg å etablere ein kontakt med desse, for her trur eg at me kan ha mykje å lære. I tillegg trur eg at eit nærare samarbeid med nokre av

desse institusjonane kan vere ein veg å gå for å styrkje arbeidet vårt med nynorsk barnekultur og -litteratur. Me kan kanskje kalle oss ein veslebror nå i starten, også med utgangspunkt i dei ressursane me er tildelte, men eg trur at me med vår forankring i bygdekulturen og nynorsken kan bli ein nasjonal ressurs å spele på for allereie etablerte senter og museum, og at me på sikt kan etablere oss som leiande innan nynorsk barnekultur og -litteratur.

For å få det til er Moe tydeleg på at desse sentra må på banen for å dra lasset saman med Lølandsenteret.

– Saman står me også mykje sterkare når det gjeld søknadar om auka løyvingar, så her må aktuelle aktørar gjerne komme med gode forslag og kjenne si besøkstid; for det er alltid lettare å vere med og påverke når prosjekt er i ein startfase.

## – TA BARNNA PÅ ALVOR

Kjersti Moe meiner ein må ta hovudmålet til Løland-markeringa med seg vidare i

arbeidet med senteret. Desse er mellom anna å stimulere interessa for å lese og skrive, å utnytte barn sin fantasi, å få barn til å reflektere over endringar i lokalmiljøet og eigen kultur, og ikkje minst utvikle meir lesestoff for barn på nynorsk.

– Det er viktig at barn og unge får oppleve god norsk barnelitteratur på sitt eige mål. Maria Parr sin forfattarskap er eit strålende døme, synes eg. Ho har også fått nasjonal merksemd, og litteraturen er vidareutvikla til andre media som fjernsyn og teater.

– Kva ynskjer du å få til med senteret?

– Hovudmålet mitt vil vere å utvikle Ryfylkemuseet sitt tilbod til barn og unge, noko som kan romme læring og kunnskap, opplevingar og kreative sider. Det er viktig for meg å poengtere at me ikkje må gløyme barna blant vidløftige idear og ambisjonar. Eg synest det er viktigare å jobbe med konkrete tilbod, som gir noko direkte til barn og unge, enn å sitje og skrive prosjektskisser og «klyppe snorer». Møtet med barn og unge, å ta kvardagen deira på alvor og vere med på å stimulere dei til å undre seg og skape var viktig for Rasmus Løland, det er det viktig for meg å halde fast i.

## FÅR OPPLIVE LITTERATUREN

I Kunnskapsdepartementet si grunngeving for løyvingane til ei ny stilling er det presisert at ein bør byggje vidare på utstillinga Kvitebjørnen, og dette arbeidet er Ryfylkemuseet i gong med.

– Kvitebjørnen er ei utruleg flott og påkosta utstilling, som har blitt veldig populær. Mange barn kjem på besøk igjen og igjen. Målet vidare nå er å få barnehagar og skular i regionen til å besøkje utstillinga, slik at fleire barn kan få kjennskap til Løland sin litteratur, oppleve utstillinga og bli inspirert til vidare kreativitet, seier Moe og understrekar at ein no også arbeider med ein pedagogisk pakke rundt utstillinga.

– Kva gler du deg mest til med arbeidet?

– Til å få vera kreativ i lag med barn og unge. Dette er ein spennande jobb, og eg håpar at eg får brukt tidlegare erfaringar og nye idear i denne nye jobben.

BEST WESTERN HOTELL  
**BONDEHEIMEN**  
Sidan 1913

Rosenkrantz' gate 8  
N- 0159 Oslo  
+ 47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden  
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

# aktuelt: Inger Johanne Sæterbakk



(Foto: Privat)

**Namn:**

Inger Johanne Sæterbakk

**Alder:**

30

**Aktuell:**

Byrjar 1. juni som prosjektleiar for Språkåret 2013

## Eg håpar Språkåret 2013 vil bli eit omdømmeløft for norsk språk, seier Inger Johanne Sæterbakk.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

### – Korleis blir det å leie Språkåret?

Eg håpar og trur at det blir spanande, utfordrande og artig. Eg synest det er veldig kjekt å ha fått denne utfordringa, og eg ser fram til å jobbe med dei andre tilsette på Aasentunet og med folk rundt i organisasjonar og kultur- og samfunnsinstitusjonar i heile landet. Det er så mange gode krefter i sving allereie, og det er mykje bra på gang, så det gjeld vel for meg å få koordinert det på ein god måte og engasjere fleire til å bli med.

# Omdømmeløft for norsk språk

### – Kva blir den viktigaste oppgåva i Språkåret?

Alle brukar språk, og språk er like sjølvsagt for oss som luft og reint vatn. Eg opplever at folk er veldig opptekne av språk, utan at dei heilt veit det sjølv. Språkåret skal vere prega av overskot og skape engasjement og interesse, debatt og nyfikne. Eg ser på Språkåret 2013 som eit omdømmeløft for norsk språk, og eg håpar me skal vere meir stolte av språksituasjonen i dette landet når dette året er over.

### – Det er ganske ambisiøse mål?

Ja, dei er ambisiøse, men det bør dei også vere når ein skal setje av eit år til å feire språket. Eg tenkjer at det samstundes er realistiske mål, og det som er ekstra kjekt, er at me skal feire heile det norske språket og den norske språksituasjonen, ikkje berre nynorsk. Det er så mykje bra folk, gode idear og eit så stort engasjement kring språk, at me kjem til å få det til.

### – Kva gler du deg mest til i 2013?

Eg gler meg til å observere alle dei engasjerte deltakarane på dei ulike arrangementa i Språkåret 2013 og til å samarbeide med mange engasjerte folk. Og så gler eg meg til eit par andre ting eg er engasjert i, og som skal finne stad i 2013, blant anna landsleiren til Norges speiderforbund i Stavanger, som skal bli den flottaste landsleiren som har vore.

### – Kva forhold har du til nynorsk?

Eg skreiv den første teksten min på nynorsk i Ivar Aasen-året i 1996. Då skulle me skrive særøppgåve på skulen, og eg valde å skrive om Ivar Aa-

sen. Då hadde me ikkje lært nynorsk enno, men eg bestemte meg for å skrive oppgåva på nynorsk likevel. Det var ei aldri så lita språkleg oppvakning for meg. Eg har alltid snakka nordnorsk og vore veldig oppteken av dialekten min, så det passa godt for meg å skrive nynorsk. Personleg er eg glad for valfridomen i nynorsk, og eg har funne ein normal som ligg nære opp til dialekt mi. Eg skriv dessutan mykje bokmål i samanhengar der eg ikkje representerer meg sjølv direkte, og synest at bokmålet mitt har hatt godt av at eg skriv nynorsk.

### – Kva er den viktigaste utfordringa til nynorsken framover?

Det er nok kva som skjer med sidemålsundervisninga i skulen. Det legg eit viktig grunnlag for eksistensen til nynorsk som levande skriftspråk. Mange likar nynorsk, men me har alle ei utfordring i å gjere nynorsk relevant for fleire som bruksspråk. Sjølv er eg oppteken av at nynorsk skal vere eit språk for alle høve, ikkje berre høgtid, men for dei heilt daglegdagse tinga me skriv om. Eg håpar Språkåret 2013 kan spele ei viktig rolle her.

### – Korleis kan Språkåret 2013 gjere oss meir språkbevisste?

Eg synest det er godt oppsummert i prosjektrapporten: Året som skal gjere tilskodarar til deltakarar. Eg trur det er nøkkelen til å stimulere folk til å oppleve språk på ein ny måte, til å auke interessa og nyfikna kring språk. Språkdebatt er viktig, men eg meiner ikkje me skal bruke året til å fokusere på dei ulike frontane i debatten, eller kva som er rett og gale.



Kari Smeland (f. 1984) kjem frå Kviteseid i Telemark og bur i Oslo. Ho har ein bachelor i historie- og samfunnsvitenskap og jobbar som bibliotekar. Familien *Kråkestup og nyset i nabohuset* er den fyrste boka hennar.

Foto: Tove K. Breistein /Samlaget

## debutanten

Sysken kan vera like irriterande som omgangsjuken og like plagsame som hovne mandlar, og av og til kjennest det heilt umogleg å innrømme at ein faktisk er glad i dei likevel.

Samlaget 2012

Me må sjå på mangfaldet og leik med språk for alle, uansett alder og språkbakgrunn.

### – No sist var du informasjonsrådgjevar i Tromsø kommune. Korleis blir det å flytte sørover igjen?

Eg er vaksen opp i Trøndelag, men har alltid snakka nordnorsk og kjent meg veldig nordnorsk, så det var kjekt for meg å flytte til Nord-Noreg igjen for sju år sidan. Eg er veldig glad i Tromsø, men no var det på tide med ei forandring, sjølv om det er utruleg teit å flytte herifrå når det er lyst heile natta og noko som skjer heile tida.

### – Kva kjem du til å sakne mest med Nord-Noreg?

Eg kjem til å sakne vennene mine, den levande byen og den uhøgtidlege veremåten. Men kan hende er eg tilbake igjen om eit par år. Det er jo ikkje så langt frå sør til nord som folk sørpå ofte trur.



## I Skien bur du på Dag – då blir det i familien

Hotell  
Dag  
Bondeheim

HOTELL OG TRADISJONSMAT MIDT I SKIEN SENTRUM  
OVERNATTING • SELSKAP OG FEIRINGAR • MØTER  
Prinsesseveg 7 • 3724 Skien • tlf 35 52 00 30 • hotel@dagbondeheim.no

Kjem du frå ein LNK-kommune  
er prisen kr 795 per natt  
www.dagbondeheim.no